# Kinn kommune

## Møtebok

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Kommunestyret |
| **Møtestad:** | Måløy rådhus, kommunestyresalen 3. etg |
| **Dato:** | 17.09.2024 |
| **Tid:** | Kl. 08:15 - 15:30 |

| **Følgjande medlemmer møtte** | **Parti** |
|---|---|
| Jan Gunnar Holvik | INP |
| Lillian Bratholmen | INP |
| Doris Christensen | Kinn AP |
| Ninja Tolo Ness | Kinn AP |
| Ola Teigen | Kinn AP |
| Silje Ødegård Standal | Kinn AP |
| Stine Kråkenes Øvrelid | Kinn AP |
| Tor Åge Gravdal | Kinn AP |
| Tove Lill Refvik Volle | Kinn AP |
| Frank Willy Pedersen Djuvik | Kinn FrP |
| Kjell Bjørn Refvik | Kinn FrP |
| Kjell-Magne Kvalheim | Kinn FrP |
| Ronny Mobakken | Kinn FrP |
| Anett Berg | Kinn H |
| Arlene Vågene | Kinn H |
| Bengt Solheim-Olsen | Kinn H |
| Bente Olseth | Kinn H |
| Dagrun Almenning Kvalheim | Kinn H |
| Mats Brunsvik | Kinn H |
| Morten Andreas Hagen | Kinn H |
| Ørjan Kvalheim | Kinn H |
| Aud Norunn Vig | Kinn KrF |
| Gustav Johan Nydal | Kinn KrF |
| Daniel Erik Adrian Henriksson | Kinn Rødt |
| Geir Ole Oldeide | Kinn Rødt |
| Kjell-Jarle Oldeide | Kinn Rødt |
| Anita Eikevik | Kinn SP |
| Jan Arve Midtbø | Kinn SP |
| Jon Valur Olafsson | Kinn SV |
| Siri Odijk Solbakken | Kinn SV |
| Anne Marit Seljeseth | Kinn V |
| Jacob Andrè Telvik Nødseth | Kinn V |

| **Forfall** | **Parti** | **Varamedlem** | **Parti** |
|---|---|---|---|
| Anders Ole Sunnarvik | Kinn AP | Bente Nygård | Kinn AP |
| Miriam Johanne Nesje | Kinn FrP | Per Olav Hauge | Kinn FrP |
| Hanne Eva Husebø Kristensen | Kinn H | Solbjørg Myrhaug Teige | Kinn H |
| Håkon Skram Heggen | Kinn H | Morten Mortensen | Kinn H |
| Hege Chatrine Brandsøy | Kinn Rødt | Marie Kronen Tveranger | Kinn Rødt |
| Sidsel Fænn Kongsvik | Kinn SP | Elisabeth Halsne | Kinn SP |
| Edvard Iversen | Kinn V | Hilmar Eliasson | Kinn V |

**Andre som møtte:**
Kjell Heggen
Vilde Johannesen

**Frå administrasjonen møtte:**
Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef
Runa Nybakk, kommunalsjef
Norunn Stavø, kommunalsjef
Iris Gangeskar, konsulent
Mari Halsør, konsulent
Jon Even Kvalheim Myre, beredskapsrådgjevar
Kristin Maurstad, rådgjevar

**Ymse:**
38 stemmeberettiga i sakene 098/24 - 103/24.
Repr. Djuvik tiltredde møtet kl 09.05, under sak 104/24.
Repr. Tove Lill Refvik Volle fråtredde under handsaming av sak 117/24.

Habilitetsvurdering i sak 102/24.
Habilitetsvurdering i sak 111/24.

Presentasjon frå Visit Fjordkysten & Sunnfjord v/Marita Solheim.
Presentasjon frå Fjord Norge v/Stein Ove Rolland.
Presentasjon frå Kinn kyrkjelege fellesråd v/Dag Henrik Nygård.

**Måløy, 18.09.2024**

Bengt Solheim-Olsen
Ordførar

**Sakliste**

| Sak nr. | Sakstittel |
|---|---|
| 098/24 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 099/24 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 100/24 | Refererte skriv og meldingar |
| 101/24 | Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Kinn kommune 2024 - 2027 |
| 102/24 | Sluttbehandling - Detaljregulering for Tømmervelta - gbnr 23/314 m.fl.. Bustader |
| 103/24 | Vedtak - Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål |
| 104/24 | Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, høyringsuttale |
| 105/24 | Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse |
| 106/24 | Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune |
| 107/24 | Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune |
| 108/24 | Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune |
| 109/24 | Beredskapsplan for helse og velferd |
| 110/24 | Skjenkeløyve - Cats Måløy AS 2024-2028 |
| 111/24 | Skjenkeløyve- Stiftelsen Svanøy Hus 2024-2028 |
| 112/24 | Rapport. Struktur og fleksibilitet i oppfølging og koordinering |
| 113/24 | Tilstandsrapport 2023 - Kinn barnevern |
| 114/24 | Møtereglement for Kinn kommune - Rullering 2024 |
| 115/24 | Val av valstyre - Stortings- og sametingsval 2025 |
| 116/24 | Fritak frå politiske verv / suppleringsval - Jon Asle Svår |
| 117/24 | Søknad om fritak frå politiske verv i perioden 20.09.2024 - 20.06.2026 / suppleringsval - Tove Lill Refvik Volle |
| 118/24 | Val av nytt medlem til styrande organ i Nordfjord Miljøverk IKS - Kinn kommune |
| 119/24 | Kommunal vigselsrett |
| 120/24 | Orienteringssak - Tilbodsstruktur for vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune |
| 121/24 | Spørsmål |
| 006/24 | Spørsmål til kommunestyret i september 2024 - prinsipper for omklassifisering av veg |
| 007/24 | Spørsmål til kommunestyre - arbeid med ny arealplan held fram |
| 008/24 | Spørsmål til kommunestyremøte 17.09.2024 - kvalitet i skulen vår |
| 122/24 | Interpellasjonar |

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FE-033 |
| **JournalpostID:** | 24/41533 |
| **Sakshandsamar:** | Mari Halsør |
| **Dato:** | 10.09.2024 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 098/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

## Godkjenning av innkalling og sakliste

**KOST- 098/24 Vedtak:**
Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

---

### Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

**Godkjenning av innkalling:**
Diskusjon om tidlege båtruter i forhold til møter i Måløy og Florø.
Ordførar ber gruppeleiarane diskutere problemstillinga til utarbeiding av møteplanen for neste år.

Raudt v/repr. Henriksson stiller spørsmål om kvifor k-sak 094/24 - Vurdering av kommunal foretaksmodell for KF Bordgleder, som var utsett frå møtet i juni, ikkje er tatt med i dagens møte.
Ordførar og kommunedirektør må sjekke opp og kome tilbake til det.

**Godkjenning av sakliste:**
117/24: Venstre v/repr. Nødseth etterlyser sjølve søknaden om fritak. Vert sendt på e-post til kommunestyret under møtet, og lagt ved saka.

**Røysting:**
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

**KOST- 098/24 Vedtak:**
Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FE-033 |
| **JournalpostID:** | 24/35804 |
| **Sakshandsamar:** | Mari Halsør |
| **Dato:** | 11.07.2024 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 099/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

## Godkjenning av møteprotokoll

**KOST- 099/24 Vedtak:**
Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

---

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

---

### Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

**Røysting:**
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

**KOST- 099/24 Vedtak:**
Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

**Vedlegg i saken:**
Protokoll - Kommunestyret - 13.06.2024

# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-033
**JournalpostID:** 24/41534
**Sakshandsamar:** Mari Halsør
**Dato:** 10.09.2024

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 100/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

## Refererte skriv og meldingar

**KOST- 100/24 Vedtak:**
Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

---

---

### Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

**Røysting:**
Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

**KOST- 100/24 Vedtak:**
Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

**Underliggande sak:**
021/24, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 02.09.2024

022/24, Vest kontroll: Protokoll frå representantskapsmøte 01/24 og årsmelding/rekneskap

023/24, Val av meddommar 2025 - 2028 - Utval av jordskifte- meddommarar - Suppleringsval

024/24, Kinn kommune - lovlegkontroll av vedtak i sak om gjenopning av kjøkken i Måløy

025/24, Kopi av melding om vedtak: Revisjon av styringsdokument Selje regionale pilegrimssenter, og utarbeiding av mandat for ressursgruppe RPS

026/24, Møtebok representantskapsmøte Vestland Revisjon KO 03.06.2024

027/24, Kinn kommune - budsjett 2024 og økonomiplan 2024 - 2027

028/24, Økonomiplan 2025-2028, viktige datoer for politisk leiing

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FE-033 |
| **JournalpostID:** | 24/28519 |
| **Sakshandsamar:** | Linda Alice Myhre Larsen |
| **Dato:** | 06.06.2024 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 095/24 | Kommunestyret | 13.06.2024 |
| 101/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

# Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Kinn kommune 2024 - 2027

**KOST- 101/24 Vedtak:**
Saka vert utsatt på grunn av manglande dokumentasjon/opplysning i saka.

**Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:**
1. Kommunestyret vedtek å prioritere følgjande forvaltningsprosjekt i planperioden:
a. Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg
b. Oppvekst
c. Beredskap
d. Inventar og utstyr
e. Internkontroll

2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å vedta prioritetsrekkefylje og evt. leggje til nye prosjekt innanfor ramma for utføring.

3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekka inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av omsyn til habilitet, kapasitet eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).

4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.

5. Kommunestyret registrerer at utføring av forvaltningsrevisjons-prosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Statsforvaltaren).

---

**Bakgrunn for saka:**
Vest kontroll har i brev datert 29.05.2024 meldt om sak frå kontrollutvalet for handsaming i kommunestyret. Saka gjeld plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Kinn kommune 2024 – 2027.

**Saksopplysningar:**
Gjeld vedtak i Kinn kontrollutval, sak 26/24, Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Kinn kommune 2024 - 2027.
Sjå vedlagte skriv frå Vest kontroll.

**Vurderingar:**

Kontrollutvalet sitt vedtak i saka vert lagt fram for kommunestyret for handsaming.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

Utsetting, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Saka vert utsatt på grunn av manglande dokumentasjon/opplysning i saka.

Leiar i kontrollutvalet, Kjell Heggen, kommenterer at risiko- og vesentleganalyse burde lagt ved i saka.

**Røysting:**
Utsetjingsframlegg frå Venstre v/repr. Nødseth samrøystes vedteke.

**KOST- 101/24 Vedtak:**
Saka vert utsatt på grunn av manglande dokumentasjon/opplysning i saka.

## Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Sak utsettast.

**KOST- 095/24 Vedtak:**
Sak utsatt.

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | PlanType-35, FA-L12, GBN-23/314 |
| **JournalpostID:** | 24/37447 |
| **Sakshandsamar:** | Martin Sørland Barlla |
| **Dato:** | 09.08.2024 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 047/24 | Plan- og miljøutvalet | 03.09.2024 |
| 102/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

## Sluttbehandling - Detaljregulering for Tømmervelta - gbnr 23/314 m.fl.. Bustader

**KOST- 102/24 Vedtak:**
1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Tømmervelta, gbnr 23/314 mfl, bustader. PlanID 20220101, med plankart og føresegner sist datert 19.08.2024, planomtale og ROS-analyse datert 19.02.2024.
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde, inkludert naudsynt tilpassing i planomtale og ROS-analyse.
3. Del av reguleringsplan som Privat detaljregulering for Tømmervelta, gbnr 23/314 mfl, bustader. PlanID 20220101, får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir samstundes oppheva. Dette gjeld del av: *Eldre reguleringsplan for Brandsøy, fv.548, Gang- og sykkelveg, PlanID 20050103.*

**Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 03.09.2024**
1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Tømmervelta, gbnr 23/314 mfl, bustader. PlanID 20220101, med plankart og føresegner sist datert 19.08.2024, planomtale og ROS-analyse datert 19.02.2024
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde, inkludert naudsynt tilpassing i planomtale og ROS-analyse.
3. Del av reguleringsplan som Privat detaljregulering for Tømmervelta, gbnr 23/314 mfl, bustader. PlanID 20220101, får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir samstundes oppheva. Dette gjeld del av: *Eldre reguleringsplan for Brandsøy, fv.548, Gang- og sykkelveg, PlanID 20050103*

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Tømmervelta, gbnr 23/314 mfl, bustader. PlanID 20220101, med plankart og føresegner sist datert 19.08.2024, planomtale og ROS-analyse datert 19.02.2024
2. 
    3. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle

mindre suppleringar og justeringar blir gjorde, inkludert naudsynt tilpassing i planomtale og ROS-analyse.

3. Del av reguleringsplan som Privat detaljregulering for Tømmervelta, gbnr 23/314 mfl, bustader. PlanID 20220101, får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir samstundes oppheva. Dette gjeld del av: *Eldre reguleringsplan for Brandsøy, fv.548, Gang- og sykkelveg, PlanID 20050103*

---

**KVA SAKA GJELD**
iVest Consult AS (Plankonsulent) har på vegne av Fanevik Tomteutvikling AS (forslagsstillar), utarbeidd framlegg til privat detaljregulering for Tømmervelta, gbnr 23/314 mfl, Bustader. PlanID 20220101. I gjeldande kommunedelplan Florelandet – Brandsøy (2022) er området sett av til framtidig bustadutbygging.




*Figur 1 Lokalisering av planområdet*
Etableringa av bustader vil vere i samsvar med den overordna planen og passe inn i det allereie eksisterande utbyggingsmønsteret som er i området. Bustadene vil ligge innanfor ein rimeleg avstand frå barnehagen og skulen på Tovrmyrane.

**INNLEIING**
**Planforslaget**
Forslag til Privat detaljregulering for Tømmervelta , gbnr 23/314 mfl, bustader. PlanID 20220101, er motteke frå iVest Consult AS på vegne av Fanevik Tomteutvikling AS. Planforslaget som skal behandlast, består av

- Planomtale datert 19.02.2024.
- Føresegn datert 19.08.2024.
- Plankart i målestokk M1:500 (A2) datert 19.08.2024
- V1 ROS-analyse datert 19.02.2024
- V2 Kulturminnerapport datert 16.02.2023

- V3 Støyrapport datert 02.11.23
- V4 Illustrasjon plankart datert 19.02.2024

**Formålet med reguleringa/omreguleringa**
Formålet med reguleringa er å leggje til rette for bustadutbygging der det kan etablerast 8-10 nye bustader innanfor planområdet med tilhøyrande tilkomst og friområde.

**Forhold til overordna planar**
Planforslaget er i tråd med kommunedelplanen for Florelandet – Brandsøy (2022). Området er sett av til bygging med arealformål for bustadutbygging, og kommuneplanføresegnene stiller krav om reguleringsplan.




*Figur 2 Planområdet er synt med raud skravur med kommunedelplanen i bakgrunn*

**Gjeldande reguleringsplan**
Ingen gjeldande reguleringsplanar innanfor planområdet, med unntak av eit mindre areal i nordvest, der planforslaget overlappar eldre reguleringplan for Brandsøy, fv.548, Gang- og sykkelveg, PlanID 20050103, som framleis gjeld. Planen inneber her endra utforming og siktsoner for avkøyrsla til fylkesvegen.

Tidlegare privat detaljreguleringsplan for Solheim, gbnr 23/5, PlanID 20080123 aust for planområdet, vart oppheva av Kommunestyret i sak 157/23 den 16.11.2023.

**Førstegongsbehandling**
Planforslaget blei førstegongsbehandla av Plan- og miljøutvalet 22.04.2024 sak 022/24 Utvalet vedtok å fremje saka, sende den på høyring og leggje den ut til offentleg ettersyn.

**Høyringsfråsegner**
Planforslaget blei lagt ut til offentleg ettersyn i perioden frå 02.05.2025 til 17.06.2024. I same periode blei forslaget sendt til fråsegn mellom anna til regionale myndigheiter, grunneigarar som forslaget ville få konsekvensar for, og tenesteområde i kommunen. Det kom inn totalt 5 fråsegner. Dei følgjer saka som utrykte vedlegg. Hovudtrekka i merknadene er refererte i eit eige vedlegg i saka (Merknadsvurdering).

**Motsegner**
Det er ikkje varsla motsegner til planen frå fylkeskommunen, nabokommunar eller statlege fagmyndigheter der saksområdet blir påverka. Kommunestyret kan dermed vedta reguleringsplanen.

**Lovheimlar**
I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

**VURDERING**
**Innkomne merknader**
Vurderinga av dei enkelte innkomne fråsegnene kjem fram av vedlegget med oppsummering av merkandane.

**Endringar etter førstegongsbehandling**
Dei viktigaste endringane etter førstegongsbehandling:

For å sikre kvaliteten på planforslaget og for å ta omsyn til innspel frå høyringa, er det gjort mindre endringar i plankartet og føresegnene. Plankartet har fått definert området UNB med BRA=80 m² og føremålet B (bustad) med BRA=50 m². I tillegg er det gjort ei retting i føresegn 3.1.2 Bustadbebyggelse (1110), (B) e), der det no står at maksimalt tillate bebygd areal er BRA=50 m².



*Figur 3: TIL VENSTRE: Forslag til plankart på offentleg høyring. TIL HØGRE: Forslag til plankart til slutthandsaming til høgre, med raud ring rundt felt som er endra.*

**SAMLA VURDERING**
Planforslaget er godt gjennomarbeidd og tek naudsynte omsyn. Planområdet er i tråd med overordna plan (Floralandet – Brandsøy (2022) og legg godt til rette for den planlagde aktiviteten, samtidig som det følgjer same aktivitet og bygningsmønster som elles langs strekninga. Planen har eit godt dokumentasjonsgrunnlag, der det er utført både kulturminneregistrering og støyrapport. Desse syner at det ikkje er vesentlege negative konsekvensar for området.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår kommunedirektøren at planforslaget for privat detaljregulering for Tømmervelta, gbnr 23/314 mfl., Bustader, PlanID 20220101, blir vedteke.

**Økonomiske konsekvensar:**
Ingen økonomiske konsekvensar for kommunen.

**Miljømessige konsekvensar:**
Vurderingar knytt til miljø og naturmangfald går fram av planomtalen

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:**
Plan- og bygningslova med aktuelle forskrifter

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

Habilitetsvurdering av repr. Eliasson, då han er medeigar i iVest consult, som er del av saka.
Habilitetsvurdering av repr. Nydal, då han er styreleiar i iVest consult, som er del av saka.

Kommunedirektøren vurderer at det er lite praktiske eller økonomiske konsekvensar for representantane, og vurderer dei som habile i saka.
Repr. Eliasson og repr. Nydal samrøystes erklært habil i saka.

**Røysting:**
Innstilling frå plan- og miljøutvalet samrøystes vedteke.

**KOST- 102/24 Vedtak:**
1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Tømmervelta, gbnr 23/314 mfl, bustader. PlanID 20220101, med plankart og føresegner sist datert 19.08.2024, planomtale og ROS-analyse datert 19.02.2024.
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde, inkludert naudsynt tilpassing i planomtale og ROS-analyse.
3. Del av reguleringsplan som Privat detaljregulering for Tømmervelta, gbnr 23/314 mfl, bustader. PlanID 20220101, får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir samstundes oppheva. Dette gjeld del av: *Eldre reguleringsplan for Brandsøy, fv.548, Gang- og sykkelveg, PlanID 20050103.*

## Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.09.2024:

**Røysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

**PMUV- 047/24 Vedtak:**
1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Tømmervelta, gbnr 23/314 mfl, bustader. PlanID 20220101, med plankart og føresegner sist datert 19.08.2024, planomtale og ROS-analyse datert 19.02.2024
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde, inkludert naudsynt tilpassing i planomtale og ROS-analyse.
3. Del av reguleringsplan som Privat detaljregulering for Tømmervelta, gbnr 23/314 mfl, bustader. PlanID 20220101, får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir samstundes oppheva. Dette gjeld del av: *Eldre reguleringsplan for Brandsøy, fv.548, Gang- og sykkelveg, PlanID 20050103*

**Vedlegg i saken:**
FØRESEGNER Tømmervelta 20240219 oppdatert 20240819
PLANKART Tømmervelta_20240219_oppdatert 20240819
Planomtale_Tømmervelta_20240219
V1_ROS Analyse Tømmervelda 20240219
V4_Illustrasjon PLANKART Tømmervelta_20240219
V2_Kulturminneregistrering_Tømmervelta_202302
V3_Støyrapport_20231102_Sweco
Merknadshandsaming innkomne merknadar etter høyring

# Kinn kommune

**Arkiv:** PlanId-20200119, PlanNamn-Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål, PlanType-35, FA-L12, GBN-203/16
**JournalpostID:** 24/38530
**Sakshandsamar:** Heidi Dyrøy
**Dato:** 22.08.2024

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 049/24 | Plan- og miljøutvalet | 03.09.2024 |
| 103/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

# Vedtak - Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål

**KOST- 103/24 Vedtak:**
1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål, planID 20200119, Alternativ 3 med føresegner sist datert 22.08.2024, plankart, planomtale, ROS-analyse og Konsekvensutgreiing, sist revidert 08.04.2024, samt tilhøyrande illustrasjonar og fagutgreiingar, på vilkår av at endringar som framgår med raud skrift i føresegnene og endringar på plankartet under avsnittet «Endringar etter ny førstegongshandsaming» vert innarbeidde i plandokumenta før kunngjering.

2.Kommunedirektøren skal før kunngjering av planen sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.
3. Ved godkjenning av Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål, planID 20200119, tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av Privat detaljreguleringsplan for Kvartal 30, Bustad, av 04.12.2012, PlanID 1401 20120102, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner.

4. Gangveg GG4 blir ikkje tatt ut av planframlegget, men vert behalde med føresegner i pkt3.2 6 f slik som dei var utlagt på offentlig høring, men uten rekkefølgekrav.

**Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 03.09.2024**
1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål, planID 20200119, Alternativ 3 med føresegner sist datert 22.08.2024, plankart, planomtale, ROS-analyse og Konsekvensutgreiing, sist revidert 08.04.2024, samt tilhøyrande illustrasjonar og fagutgreiingar, på vilkår av at endringar som framgår med raud skrift i føresegnene og endringar på plankartet under avsnittet «Endringar etter ny førstegongshandsaming» vert innarbeidde i plandokumenta før kunngjering.

2.Kommunedirektøren skal før kunngjering av planen sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

3. Ved godkjenning av Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål, planID 20200119, tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av Privat detaljreguleringsplan for Kvartal 30, Bustad, av 04.12.2012, PlanID 1401 20120102, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner.

4. Gangveg GG4 blir ikkje tatt ut av planframlegget, men vert behalde med føresegner i pkt3.2 6 f slik som dei var utlagt på offentlig høring, men uten rekkefølgekrav.

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål, planID 20200119, Alternativ 3 med føresegner sist datert 22.08.2024, plankart, planomtale, ROS-analyse og Konsekvensutgreiing, sist revidert 08.04.2024, samt tilhøyrande illustrasjonar og fagutgreiingar, på vilkår av at endringar som framgår med raud skrift i føresegnene og endringar på plankartet under avsnittet «Endringar etter ny førstegongshandsaming» vert innarbeidde i plandokumenta før kunngjering.

2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av planen sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.
3. 
4. Ved godkjenning av Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål, planID 20200119, tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av Privat detaljreguleringsplan for Kvartal 30, Bustad, av 04.12.2012, PlanID 1401 20120102, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner.

---

**KVA SAKA GJELD**
Hovudformål med reguleringsplanen er å legge til rette for bygging av nytt institusjonsbygg på gamle sjukehustomta – Albertatunet - i tillegg til nye omsorgsbustadar og ny gymsal til Florø Barneskole, innanfor kvartalet. Bakgrunn for planarbeidet ligg i tilbake i tid i tidlegare Flora kommune. Kinn kommunestyre vidareførte grunnarbeidet i 2020 og 2021, og vedtok i 2022 oppstart av reguleringsplanarbeidet (sak 025/22, den 15.03.2022).

Det vart utarbeidd to alternativ til reguleringsplan, og kommunestyret godkjente utlegging til offentleg ettersyn av begge alternativa i sak 012/23, og høyringsperioden var 10.03.2023 – 28.004.2023

Basert på innspel, motsegn og faglege plangrep, vart utarbeidd to nye alternativ,

Alternativ 3 og 4 for å skilje desse frå tidlegare høyringsalternativ. Endringane var så vesentlege, at dei vart lagt opp til ny offentleg høyring.

I møtet i plan- og miljøutvalet 22.04.2024 vart det vedteke å gå vidare med Alternativ 3 og å legge dette alternativet på høyring. Alternativ 3 er i hovudtrekk ei endring med utgangspunkt i tidlegare Alternativ 2. Det reviderte planframlegget har grundig dokumentasjon og utgreiing av aktuelle tema. Planframlegga tek i vare by- og landskapsmessige grep, kulturhistoriske omsyn i vidareutvikling av byen, legg til rette for gode grøne områder til allmenn bruk, samstundes som uteområda for bebuarar og brukarar vert ivareteke. Planen gir og eit meir oversiktleg trafikkbilete og tek såleis grep for betre å kunne ta i vare trafikktryggleik i området, med spesiell vekt på trafikktryggleik kring barneskulen.

Planframlegget har vore på høyring i tidsrommet frå 16.05.2024 – 04.07.2024. Det er kome 10 merknadar til framlegget. Desse innarbeidd i planframlegget så langt det har lete seg gjere utan å bryte med hovudprinsippa i planen.

**INNLEIING**

**Planforslaget**

Forslag til Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål. PlanID 20200119 er utarbeidd av iVest Consult AS på vegne av Kinn kommune. Bakgrunn for saka og beskriving av tiltaket går fram av forslaget med tilhøyrande beskriving

**Formålet med reguleringa/omreguleringa**

Hovudformål med reguleringsplanen er å legge til rette for bygging av nytt institusjonsbygg på gamle sjukehustomta – Albertatunet - med base for heimeteneste, legevakt, eiga avdeling for rehabilitering, dagsenter, stellerom/kjølerom/seremonirom, og liknande, i tillegg til nye omsorgsbustadar og ny gymsal til Florø Barneskole, innanfor kvartalet. Planen legg opp til ei utvikling av området i fleire byggesteg/byggjeprosjektet. I grove trekk vil det vere følgjande byggesteg/byggjeprosjekt:

- Albertatunet med 100 institusjonsplassar, base for heimetenestene, legevakt, eiga avdeling for rehabilitering, dagsenter og sermonirom.
- Bygging av gymsal
- Inntil 30 omsorgsbustader
- Rehabilitering av Florø barneskule

Reguleringsplanen legg ikkje føringar på når desse funksjonane skal realiserast, men har innarbeidd rekkjefølgjekrav knytt gjennomføring av dei ulike byggetrinn/tiltak slik at naudsynte funksjonar for kvart einskild tiltak vert ivareteke.

Viktige prinsipp i planen er at utbygging skal innordne seg landskap og bymiljøet rundt på ein god måte, gjennom å ta vare på og forsterke eksisterande kvartalsstruktur, gangaksar, parkområde og gateløp rundt. For nærare skildring av planframlegg Alternativ 3 sjå saksutgreiing frå utlegging til offentleg ettersyn, denne er vedlagt.

Det er eit siktemål at utbygging i kvartalet med offentlege uterom, park og gatetun rundt bygga, skal skape aktivitet i nærområdet og invitere til interaksjon mellom menneske, særleg mellom eldre, barn og unge.

Viktig prinsipp i planen er tilrettelegging for mjuke trafikantar frå Kinnvegen og Havreneset til Florø barneskole, med gang- og sykkelvegar, gangareal og fortau, samt etablering av punkter for hente/bringe situasjon («Kiss and ride») og bilfri sone kring barneskulen.

Planen legg vidare til rette for vidareføring av grøntdrag langs Storevatn, med tilrettelegging for tilgjenge for ålmenta samstundes som kantvegetasjon og naturkvalitetar vert ivaretatt.

For resterande areal innanfor planområdet er det i all hovudsak lagt til rette for vidareføring av eksisterande situasjon.

Planområdet strekker seg frå tidlegare Florø sjukehus i vest til Florø Barneskule med friområde i aust, og frå Storevatnet i sør til Hans Blomgate i nord.

**Forhold til overordna planar**
Planforslaga er i hovudsak tråd med gjeldande arealdel i kommunedelplan for Florø sentrum 2018-2022, godkjent 02.10.2018, med krav om detaljregulering. Området er sett av til bygging med arealformål (sjå kartutsnitt under):

- Kombinert bebyggelse og anlegg, KB1 (Bustad/Omsorg/Offentlege formål/Idrettshall) – maks. 4.etg
- Bustad, B16 – maks. 2 etg.
- Offentleg Tenesteyting OP10 (eksisterande) og OP9 (framtidig) – Florø Barneskule
- Friområde, o_F4




Kommunedelplan for sykkel 2017-2027 for tidlegare Flora kommune, viser framtidig sykkelvegnett aust-vest gjennom Michael Sarsgate og «Sjukehusparken». Prinsippet er teke med i planarbeidet i justert form ved tilrettelegging for hovudsykkeltrase aust-vest gjennom Hans Blomgate, og der planen også sikrar trygg skuleveg frå Michael Sarsgate gjennom «Sjukehusparken».

Planforslaget medfører ikkje omdisponering av dyrka areal.

*Gjeldande reguleringsplan*
Det er ikkje gjeldande reguleringsplanar innanfor planområdet, med unntak av at areal for fortau langs Torggata i vest, også inngår i gjeldande Privat detaljreguleringsplan for Kvartal 30, Bustad, av 04.12.2012, PlanID 140120120102.

Tidlegare Detalj-reguleringsplan for fylkesvegen Kinnvegen, PlanID 1401 20110110, vart oppheva av Kommunestyret i sak 157/23 den 16.11.2023.

**Førstegongsbehandling**
Planforslaget blei lagt fram for ny førstegongshandsaming av Plan- og miløutvalet 22.04.2024 i sak 025/24. Plan- og miljøutvalet vedtok å gå vidare med Alternativ 3 og å legge dette alternativet ut til offentleg ettersyn.

**Høyringsfråsegner**

*Tidlegare høyring:*
Kommunestyret godkjente i 2023 utlegging til offentleg ettersyn av to alternative planforslag (Alternativ 1 og Alternativ 2), og høyringsperioden for desse var 10.03.2023 – 28.04.2023. Basert på innspel, motsegn og faglege plangrep, er det i planprosessen komen fram behov for justering av planalternativa som var utlagt på høyring. Endringane vart så vesentlege, at det vart krav til at revidert planframlegg måtte gjerast tilgjengeleg for ny offentleg høyring.

*Siste høyring*
Planforslaget Alternativ 3 blei lagt ut til offentleg ettersyn i perioden frå 16.05.2024 – 04.07.2024. I same periode blei forslaget sendt til fråsegn mellom anna til regionale myndigheiter, grunneigarar som forslaget ville få konsekvensar for, og tenesteområde i kommunen. Det kom inn totalt 10 fråsegner. Dei følgjer saka som utrykte vedlegg. Hovudtrekka i merknadene er refererte i eit eige vedlegg.

**Motsegner**
Avinor har tidlegare varsla motsegn mot planframlegg 1- og 2 i dette området. I skriv datert 12.06.2024 trekkjer dei motsegna, då endringar i føresegnene til alternativ 3 tek i vare flytryggleiken på ein tilfredsstillande måte. Det er ikkje varsla motsegner til planframlegg Alternativ 3 frå fylkeskommunen, nabokommunar eller statlege fagmynder der saksområdet blir påverka. Kommunestyret kan dermed vedta reguleringsplanen.

**Lovheimlar**
I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

**VURDERING**
**Innkomne merknader**
Vurderinga av dei enkelte innkomne fråsegnene kjem fram av vedlegget med oppsummering av merknadane.

**Endringar etter ny førstegongshandsaming**
Som ledd i kvalitetssikringa av planforslaget som følgje av parallelt pågåande prosjekteringsarbeid, og for å rette seg etter høyringsfråsegner, er det gjort mindre endringar i føresegnene til planframlegget, desse er vist med raud skrift i vedlagt framlegg. I framlegget til endringar av føresegnene er det er spesielt teke omsyn til innspel knytt til behov for auka uteareal for barneskulen, sjå vurdering av merknadar.

Før kunngjering av godkjent plan må følgjande endringar innarbeidast på plankartet:
- Gangveg o_GG4 vert teke ut av planframlegget av omsyn til biologisk mangfald og for å imøtekome merknad frå Statsforvaltaren og Vestland Fylkeskommune. Dette fører og til ei renummerering av gangvegane.
- Det må gjerast justering av o_GG7 og f_GG6 slik at det er offentleg tilkomst til o_KBA.
- Det må leggjast inn siktlinjer/-soner i parkområdet på gang- og sykkelvegane for å imøtekome merknad frå Vestland Fylkeskommune.
- o_HOM3 skal utvidast vestover for å sikre trafikktrygg tilkomst til parkeringskjellar for mjuke trafikantar. Detaljprosjektering vil avgjere kor stort areal det vil være behov for.

**SAMLA VURDERING**
Planforslaget er godt gjennomarbeidd og varetek nødvendige omsyn. I planframlegget er det er ein interessemotsetnad mellom omsynet til å ivareta dei private interessene til bustadeigedomane og ønsket om betring av trafikktryggleik kring barneskulen. Administrasjonen har dialog med dei private partane i området, for å i så stor grad som mogleg ivareta deira interesser, samstundes som intensjonen i planen i høve trafikktryggleik kring barneskulen vert teke varen på. I slutthandsaminga er det langt avgjerande

vekt på å behalde det regulerte trafikkmønsteret kring barneskulen, då dagens situasjon viser at det er behov for fjerne privatbilar frå skuleområdet, og at dette behovet vil bli forsterka når det vert oppført ny gymsal.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår kommunedirektøren at planforslaget til Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål, planID 20200119, Alternativ 3 blir vedteke med dei endringar som går fram av føresegnene med raud skrift og endringar på plankartet som går fram av avsnittet «Endringar etter ny førstegongshandsaming».

**Økonomiske konsekvensar:**
Vedtak av planen vil ikkje ha økonomiske konsekvensar for kommunen. Kommunen sine kostnader som utbyggar, er avklart i eigne budsjettsaker.

**Miljømessige konsekvensar:**
Dei miljømessige konsekvensane er utgreidd i planomtalen. Planforslaget legg opp til å etterstrebe gjenbruk av material frå eksisterande bygningsmasse som skal rivast.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:**
Plan- og bygningslova med aktuelle forskrifter**:**

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

**Røysting:**
Innstilling frå plan- og miljøutvalet samrøystes vedteke.

**KOST- 103/24 Vedtak:**
1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål, planID 20200119, Alternativ 3 med føresegner sist datert 22.08.2024, plankart, planomtale, ROS-analyse og Konsekvensutgreiing, sist revidert 08.04.2024, samt tilhøyrande illustrasjonar og fagutgreiingar, på vilkår av at endringar som framgår med raud skrift i føresegnene og endringar på plankartet under avsnittet «Endringar etter ny førstegongshandsaming» vert innarbeidde i plandokumenta før kunngjering.

2.Kommunedirektøren skal før kunngjering av planen sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.
3. Ved godkjenning av Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål, planID 20200119, tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av Privat detaljreguleringsplan for Kvartal 30, Bustad, av 04.12.2012, PlanID 1401 20120102, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner.

4. Gangveg GG4 blir ikkje tatt ut av planframlegget, men vert behalde med føresegner i pkt3.2 6 f slik som dei var utlagt på offentlig høring, men uten rekkefølgekrav.

## Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.09.2024:

Nytt Pkt 4 Fra Høgre, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høgre
Gangveg GG4 blir ikkje tatt ut av planframlegget, men vert behalde med føresegner i pkt3.2 6 f slik som dei var utlagt på offentlig høring.

Nytt pkt 4 Frå Høgre, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høgre
Gangveg GG4 blir ikkje tatt ut av planframlegget, men vert behalde med føresegner i

pkt3.2 6 f slik som dei var utlagt på offentlig høring, men uten rekkefølgekrav.

**Røysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke med tilleggsforslag frå repr. Vågene(H)

**PMUV- 049/24 Vedtak:**
1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål, planID 20200119, Alternativ 3 med føresegner sist datert 22.08.2024, plankart, planomtale, ROS-analyse og Konsekvensutgreiing, sist revidert 08.04.2024, samt tilhøyrande illustrasjonar og fagutgreiingar, på vilkår av at endringar som framgår med raud skrift i føresegnene og endringar på plankartet under avsnittet «Endringar etter ny førstegongshandsaming» vert innarbeidde i plandokumenta før kunngjering.

2.Kommunedirektøren skal før kunngjering av planen sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.
3. Ved godkjenning av Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentleg formål, planID 20200119, tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av Privat detaljreguleringsplan for Kvartal 30, Bustad, av 04.12.2012, PlanID 1401 20120102, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner.

4. Gangveg GG4 blir ikkje tatt ut av planframlegget, men vert behalde med føresegner i pkt3.2 6 f slik som dei var utlagt på offentlig høring, men uten rekkefølgekrav.

**Vedlegg i saken:**
Innkomne merknadar høyring alt3
ALT3_FØRESEGNER_Hans Blomgate 20240512_Rev20240822
ALT3_PLANKART Hans Blomgate 20240512
PLANOMTALE Hans Blomgate ALT3 20240512
V1_Illustrasjon av Plankart ALT3_20240512
V2.1_Illustrasjon Albertatunet BT1 Multiconsult_LINK
V2.2_Illustrasjon Albertatunet BT2 Multiconsult_LINK
V3.1_Illustrasjon KBA BT1_ALT3_Multiconsult_LINK
V3.2_Illustrasjon KBA BT2_ALT3_Multiconsult_LINK
V4_Moglegheitsstudie for park og strandsone iVest Consult datert 20230106
V5_Trafikk og mobilitet_20240512
V6_Florø Barneskole - Sykkelparkering_iVest_20240319
V7_KU Hans Blomgate ALT3 20240512
V8_ROS Analyse Hans Blomgate ALT3 20240512
V9_Merknadsprosess Kinn kommune 20230106
V10_Kulturhistorisk verdivurdering Hans Blomgate Nordplan datert 20210929
V11_Støyvurdering Multiconsult 20230216
V13_Notat-Løysingar for Allegata 20240419
_Plansak nytt offentleg ettersyn - DR Hans Blomgate
Tilleggsinformasjon til Reguleringsplan for Hans Blomgt. ang gym. fasilitetar for Florø barneskole

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FE-120 |
| **JournalpostID:** | 24/39166 |
| **Sakshandsamar:** | Margit Drivenes Kløvfjell |
| **Dato:** | 25.08.2024 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 050/24 | Plan- og miljøutvalet | 03.09.2024 |
| 104/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

## Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, høyringsuttale

**KOST- 104/24 Vedtak:**
Kinn kommune gir høyringsuttale knytt til Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028, slik det kjem fram under saksopplysningar, men med følgjande endringar:
Nytt kulepunkt under "særleg viktige områder": Styrke arbeidet innafor kulturfeltet på tvers av kommunar og regionar.
I siste avsnitt strykast følgjande: "ti nye strategiar innan kulturområdet".

**Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 03.09.2024**
Kinn kommune gir høyringsuttale knytt til Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028, slik det kjem fram under saksopplysningar.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Kinn kommune gir høyringsuttale knytt til Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028, slik det kjem fram under saksopplysningar.

---

**Bakgrunn for saka:**
Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 er sendt på offentleg høyring med høyringsfrist 16.september.

Utviklingsplanen er Vestland sin regionale planstrategi etter plan- og bygningsloven §7-1. Den skildrar dei viktigaste utviklingstrekka, utfordingane og moglegheitene for Vestland framover, og viser korleis vi skal møte dei.

I høyringsbrevet skriv fylkeskomunen følgande:

*Kunnskapsgrunnlaget syner at Vestland har fleire felles berekraftsutfordringar. Berekraftsutfordringar går på tvers av fag, sektor og forvaltingsnivå. Strategisk og forpliktande samarbeid er ein viktig nøkkel til å møte berekraftsutfordringar og til å utnytte utviklingsmoglegheitene i regionen. Utviklingsplanen skal bidra til det. Den trekk opp fire breie satsingsområde og hovudmål og 10 strategiar. Kvar av strategiane skal bidra til å nå minst to mål.*

*Utviklingsplanen tek og stilling til kva spørsmål som skal følgast opp gjennom regional planlegging. I perioden 2024-2028 er det framlegg om å utarbeide to nye breie regionale planar som vil erstatte fleire meir sektorretta regionale planar. Planarbeida skal gje heilskaplege og effektive løysingar på dei største berekraftsutfordringane på tvers av*

*ulike interesser. Det vert lagt vekt på tidleg og brei involvering i planarbeida, for å styrke legitimitet og forankring.*

**Saksopplysningar:**
Kinn kommune vil berømme Vestland fylkeskommune med arbeidet med utviklingsplanen. Den har vore nyskapande og framtidsretta. Tilsaman er det fire satstingsområde, fire mål og 10 strategiar som vidare planarbeid skal følgje.

Utviklingsplanen har ein tydeleg profil med få mål og strategiar, og framstår som ein tydlege forenkling av eit komplekst området. Måla er breie og overlappar i kvarandre noko Kinn kommune stiller seg bak. Berre slik vil vi kunne gå i same retning.

Vi vil likevel peike på satsingsområdet *Samarbeid* og målet; *Vestland når sine mål gjennom samarbeid og samordning* som kanskje det viktigaste.

Kinn ser på det som svært viktig at fylkeskommunen tar ei aktiv rolle i samarbeid med kommunane på dei fleste områda. Det er viktig at fylkeskommunen samlar kunnskap i kommunane, og kobler dette mellom kommunar og regionar, og mellom eigne faginstansar. Samtidig må det etablerast tette samarbeidsmodellar det kommunen er part for å finne gode løysingar.

Særleg viktige område:

- Mangel på arbeidskraft og vidaregåande utdanning.
- Tilgang på energi og næringsutvikling.
- Næringsutvikling og potensiale for arbeidskraft.
- Arealbruk på tvers av kommunegrenser og regionar i lys av tilgang på energi, areal og arbeidskraft.

Planstrategien legg opp til to overordna planar; Regional plan for areal og mobilietet, og Regional plan for verdiskaping og kompetanse.

Punkta referet til ovanfor blir særs viktige i begge planar. Det blir peika på at Regional plan for areal og mobilitet «skal styrke heilskapen, samle strategiar og retningslinjer under ei fane og bidra til å styrka samordning og samarbeid på området.» Det blir peika på at fleire planar vil heilt eller delvis bli erstatta. Dette vil vere ei styrke og lette arbeidet for planoppfølging i kommunane.

Vi vil utfordre fylkeskommune på å forenkle planomfanget på kulturområdet. I tillegg til ein nyleg vedtatt regional plan for kultur, blir det lagt opp til to nye planar, ein revisjon av plan, to revisjonar av strategiar og ti nye strategiar innan kulturområdet. Også på desse områda bør samarbeidet med kommunane og koblinga mot tilstøtande fagfelt vektleggast.

**Vurderingar:**

**Økonomiske konsekvensar**:
Ingen økonomiske konsekvensar.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
«Skriv her»

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

Tillegg nytt kulepkt under "Særleg viktige områder", foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre
Styrke arbeidet innafor kulturfeltet på tvers av kommunar og regionar

Stryke tekst, foreslått av Kjell-Jarle Oldeide, Kinn Raudt
I siste avsnitt strykast følgjande: "ti nye strategiar innan kulturområdet".

**Røysting:**
Framlegg frå Venstre v/repr. Eliasson med tillegg av nytt kulepunkt samrøystes vedteke.
Framlegg frå Raudt v/repr. Kjell Oldeide om stryking av teskt i siste avsnitt samrøystes vedteke.
Innstilling frå plan- og miljøutvalet, med endringane frå Venstre v/repr. Eliasson og Raudt v/repr. Kjell Oldeide samrøystes vedteke.

**KOST- 104/24 Vedtak:**
Kinn kommune gir høyringsuttale knytt til Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028, slik det kjem fram under saksopplysningar, men med følgjande endringar:
Nytt kulepunkt under "særleg viktige områder": Styrke arbeidet innafor kulturfeltet på tvers av kommunar og regionar.
I siste avsnitt strykast følgjande: "ti nye strategiar innan kulturområdet".

## Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.09.2024:

**Røysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

**PMUV- 050/24 Vedtak:**
Kinn kommune gir høyringsuttale knytt til Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028, slik det kjem fram under saksopplysningar.

**Vedlegg i saken:**
Høyring og offentleg ettersyn av forslag til Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028, regional planstrategi
Planforslag Utviklingsplan for Vestland 2024 - 2028, regional planstrategi

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FA-X20 |
| **JournalpostID:** | 24/39045 |
| **Sakshandsamar:** | Jon Even Myre |
| **Dato:** | 23.08.2024 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 081/24 | Formannskapet | 05.09.2024 |
| 105/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

## Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

**KOST- 105/24 Vedtak:**
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse blir vedteke.
I det vidare arbeidet med overordna beredskap skal status for tilfluktsrom i kommunen, både offentlege og private, kartleggast.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 05.09.2024**
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse blir vedtatt.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse blir vedtatt.

---

**Bakgrunn for saka:**
Utarbeiding av ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Kinn kommune er eitt av oppdraga i samfunnsplanen med bakgrunn i hovudmålet om at vi reduserer risiko og sårbarheit gjennom førebyggjande arbeid, styrka beredskap og betre evne til krisehandtering.

Vi er dessutan pålagt å lage ein slik analyse i både lov og forskrift:

Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret § 14. Kommunal beredskapsplikt – risiko- og sårbarhetsanalyse:

> Kommunen plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse.
>
> Risiko- og sårbarhetsanalysen skal legges til grunn for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap, herunder ved utarbeiding av planer etter lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).
>
> Risiko- og sårbarhetsanalysen skal oppdateres i takt med revisjon av kommunedelplaner, jf. lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 11-4 første ledd, og for

øvrig ved endringer i risiko- og sårbarhetsbildet.

Departementet kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om gjennomføring av risiko- og sårbarhetsanalysen.

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2. Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse:

Kommunen skal gjennomføre en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse, herunder kartlegge, systematisere og vurdere sannsynligheten for uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen og hvordan disse kan påvirke kommunen.
Den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalysen skal forankres i kommunestyret.

Analysen skal som et minimum omfatte:

a. eksisterende og fremtidige risiko- og sårbarhetsfaktorer i kommunen.
b. risiko og sårbarhet utenfor kommunens geografiske område som kan ha betydning for kommunen.
c. hvordan ulike risiko- og sårbarhetsfaktorer kan påvirke hverandre.
d. særlige utfordringer knyttet til kritiske samfunnsfunksjoner og tap av kritisk infrastruktur.
e. kommunens evne til å opprettholde sin virksomhet når den utsettes for en uønsket hendelse og evnen til å gjenoppta sin virksomhet etter at hendelsen har inntruffet.
f. behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

Kommunen skal påse at relevante offentlige og private aktører inviteres med i arbeidet med utarbeidelse av risiko- og sårbarhetsanalysen.

Der det avdekkes behov for videre detaljanalyser skal kommunen foreta ytterligere analyser eller oppfordre andre relevante aktører til å gjennomføre disse. Kommunen skal stimulere relevante aktører til å iverksette forebyggende og skadebegrensende tiltak.

**Saksopplysningar:**
Ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse er ei kartlegging av ulike uønskte hendingar med potensielt store konsekvensar som ein ser føre seg kan skje i kommunen. Den fastset sannsynet for at ulike hendingar kan skje og kva konsekvensar ein kan få dersom dei skjer. Dei ulike delanalysane vil saman skape eit risikobilete som indikerer kva hendingar ein bør dimensjonere beredskapen for. Ein viktig del av analysen er at den kjem med framlegg til førebyggande og konsekvensreduserande tiltak som kan settast i verk for å redusere sannsynet og konsekvensane for dei ulike hendingane. Etter at analysen er vedtatt skal det lagast ein plan for oppfølging av kommunen sitt arbeid med samfunnsikkerheit og beredskap der desse tiltaka vil bli vurdert nærare.

Flora og Vågsøy kommunar sine heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysar frå høvesvis 2014 og 2015 er utgangspunktet for arbeidet med Kinn kommune sin analyse. DSB sin Rettleiar til heilskapleg risiko- og sårbarheits-analyse i kommunen er styrande for framgangsmåten og analyseskjema er utarbeidd av

DSB. Beredskapsrådgjevar har leia arbeidet med analysen og brukt kommunen si kvalitetsgruppe som referansegruppe. Relevante interne og eksterne aktørar har kome med innspel.

Desse hendingane er analyserte:

| Hendingstype | Hending |
|---|---|
| **Naturhendingar** | Ekstremvêr (vind, nedbør og stormflo) |
| | Langvarig tørke |
| | Skog- og utmarksbrann |
| | Skred i tettbygd område |
| | Jordskjelv |
| **Store ulykker** | Brann på institusjon og heildøgnsbemanna omsorgsbustad |
| | Brann på skule og i barnehage |
| | Storbrann i tettbygd område |
| | Akutt ureining i sjø |
| | Ulykke med farlege og ureinande stoff på land |
| | Tunnelbrann |
| | Bussulykke |
| | Skipsulykke |
| | Luftfartsulykke |
| | Dambrot |
| | Brukollaps |
| | Atomhending |
| **Kritisk infrastruktur** | Svikt i kraftforsyning |
| | Svikt i tele- og datasamband |
| | Svikt i vassforsyning |
| | Kommunal kriseleiing ute av funksjon |
| **Helse** | Pandemi/Epidemi |
| | Svikt i kommunale helsetenester |
| | Smitte gjennom mat og vatn |
| **Tilsikta hendingar** | Terror på stort arrangement |
| | Trugsel mot elevar og tilsette på skule |
| | Trugsel mot tilsette i kommunen |
| | Dataangrep |

I samband med risiko- og sårbarheitsanalysen er det gjort ein større revisjon av kommunen sin overordna beredskapsplan. Utkast til denne er lagt ved saka og skal vedtakast av leiargruppa i etterkant.

**Vurderingar:**
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse er eit viktig verktøy for kommunen sitt arbeid med samfunnssikkerhetig og beredskap. Den må vedtakast både for å oppfylle lovkrav og for å nå måla vi har sett oss i kommuneplanen sin samfunnsdel.

**Økonomiske konsekvensar**:
Vedtak av analysen har i seg sjølv ingen økonomiske konsekvensar. Framlegg til tiltak som i ein i framtida ønsker å sette i verk blir fremma gjennom vanleg budsjettbehandling.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret § 14. Kommunal beredskapsplikt – risiko- og sårbarhetsanalyse

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2. Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Raudt
I det vidare arbeidet med overordna beredskap skal status for tilfluktsrom i kommunen, både offentlege og private, kartleggast.

Orientering v/beredskapsrådgjevar Jon Even Kvalheim Myre.

**Røysting:**
Framlegg frå Raudt v/repr. Geir Oldeide samrøystes vedteke.
Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

**KOST- 105/24 Vedtak:**
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse blir vedteke.
I det vidare arbeidet med overordna beredskap skal status for tilfluktsrom i kommunen, både offentlege og private, kartleggast.

## Behandling i Formannskapet 05.09.2024:

Kommunedirektør Bang-Olsen orienterte om at det kjem ei orientering om saka i kommunestyret 17.09.2024.

**Røysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

**FORM- 081/24 Vedtak:**
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse blir vedtatt.

**Vedlegg i saken:**
Utkast til overordna beredskapsplan for Kinn kommune
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Kinn kommune

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FA-B02 |
| **JournalpostID:** | 24/37844 |
| **Sakshandsamar:** | Mona Ødegård Standal |
| **Dato:** | 14.08.2024 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 055/24 | Oppvekst- og kulturutvalet | 03.09.2024 |
| 106/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

# Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune

**KOST- 106/24 Vedtak:**
1. Kinn kommunestyre vedtek «Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune» slik den ligg føre.

2. Kinn kommunestyre bed kommunedirektøren førebu sak om folkerøysting om hovudmål ved Skram skole i 2026.

**Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 03.09.2024**
1. Kinn kommunestyre vedtek «Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune» slik den ligg føre.
2. Kinn kommunestyre bed kommunedirektøren førebu sak om folkerøysting om hovudmål ved Skram skole i 2026.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
1. Kinn kommunestyre vedtek «Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune» slik den ligg føre.

2. Kinn kommunestyre bed kommunedirektøren førebu sak om folkerøysting om hovudmål ved Skram skole i 2026.

---

**Bakgrunn for saka:**
Ny Opplæringslov § 15-2 seier: «*Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skole, anten bokmål eller nynorsk. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra.*»

Lokalt fastsette forskrifter skal etter ny opplæringslov kunngjerast i Norsk Lovtidend.

Det er utarbeidd utkast til Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune, i samsvar med § 15-2 i ny opplæringslov gjeldande frå 01.08.2024. Utkastet vart lagt fram for handsaming i Oppvekst- og kulturutvalet i samsvar med vedtak i KOST-87/23 Politisk organisering og delegering, kap. 2.3.5 punkt d). Oppvekst- og kulturutvalet sende samrøystes forskrifta ut på høyring (sak dato) med frist 12.07.24.

Kommunedirektøren har gått gjennom høyringsinnspela og legg no saka fram til endeleg politisk handsaming.

**Saksopplysningar:**
Den einskilde kommune skal gjennom forskrift fastsette hovudmåla i grunnskuleopplæringa; det vil seie om den einskilde skulen skal nytte nynorsk eller bokmål i den skriftlege opplæringa. Det er ikkje noko i vegen for at det innanfor éin og same kommune eller skule vert nytta både bokmål og nynorsk som hovudmål. Det er berre hovudmåla i den skriftlege delen av opplæringa som kan fastsettast gjennom forskrift av kommunen.

**Vurderingar:**
Saka har no vore ute på høyring med frist for innspel 12.07.24. Det kom fem høyringsinnspel innan fristen:

- SU/SMU ved Skavøypoll skule og FAU/SU ved Stavang skule meiner alle skulane i kommunen bør ha nynorsk som hovudmål.
- Florø barneskole kommenterer at dei er glade deira skule har nynorsk som hovudmål.
- SU ved Raudeberg skule støttar at hovudmål ved skulane skal vere slik det er i dag.
- Krokane skule har ikkje merknader til innhaldet i forskrifta.

Det er kome nokre høyringsinnspel som peikar på at alle skulane i kommunen bør ha same hovudmål. Skram skole har pr. i dag bokmål som hovudmål, noko dei også har hatt historisk. I 2021 vart det gjennomført ei rådgjevande folkerøysting i opptaksområdet til Skram skole om kva hovudmål skulen skulle ha. Fleirtalet røysta for å halde på bokmål som hovudmål. Med bakgrunn i folkerøystinga gjorde kommunestyret vedtak om bokmål som hovudmål ved skulen.

I tabellane under ser ein utviklinga i prosentdel av elevane som vel dei ulike hovudmåla. Det er ei gradvis auke i tal elevar som vel nynorsk, sjølv etter folkerøystinga. Førre skuleår hadde så mykje som 79% av elevane nynorsk, til tross for at skulen har bokmål som hovudmål.

**Hovumål ved Skram skole - utvikling over tid**

| År | Del elevar med bokmål i prosent | Del elevar med nynorsk i prosent |
|---|---|---|
| 2020-21 | 31 | 69 |
| 2021-22 | 30 | 70 |
| 2022-23 | 23 | 77 |
| 2023-24 | 21 | 79 |




Den nye opplæringslova gjev elevar som har hatt bokmål på barnetrinnet rett til å motta undervisning på bokmål også i ungdomsskulen. Dette er utfordrande for Vågsøy ungdomsskule som må opprette ekstra undervisningsgrupper i norskfaget for å kunne gje elevane ei tilfredsstillande undervisning i hovudmålet. Dette kan påføre Kinn kommune og Vågsøy ungdomsskule ekstra utgifter på om lag 400.000 kr i året, om dei må opprette ekstra undervisingsgrupper på alle trinn.

Kommunedirektøren har vurdert høyringsinnspela og tilrår å vedta forskrifta slik ho ligg føre. Det vil seie at alle skulane i Kinn kommune har nynorsk som hovudmål, med unntak av Skram skole som har bokmål.

Ny Opplæringslov § 15-2 seier: «...I samband med skifte av hovudmål på ein grunnskole eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst 1/4 av dei røysteføre i kommunen krev det, skal det haldast rådgivande røysting. Nytt vedtak om hovudmål kan ikkje gjerast før det har gått fem år...»I sak 128/21 gjorde kommunestyret vedtak om at Skram skole skal ha bokmål som hovudmål. Det betyr at vi tidlegast kan ta dette opp til ny avrøysting i 2026. Med bakgrunn i dette gjer kommunedirektøren framlegg om at ein førebur sak om ny folkerøysting om hovudmål ved Skram skole i 2026.

Vi gjer merksam på at dette ikkje påverkar elevane sine rettar knytt til samiskopplæring eller val av lærebøker.

**Økonomiske konsekvensar**:
Saka har ingen direkte økonomiske konsekvensar, men det at Skram skole har bokmål som hovudmål, medan fleirtalet av elevane har nynorsk, påfører oss ekstra kostnader knytt til klassedeling ved Skram skule og seinare på Vågsøy ungdomsskule. Dette vil, slik det ser ut no, vere tilfelle for Skram skole fram til vi evt. kan gjennomføre ny folkerøysting i 2026.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
LOV-2023-06-09-30, Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

**Røysting:**
Innstilling frå oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedteke.

**KOST- 106/24 Vedtak:**
1. Kinn kommunestyre vedtek «Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune» slik den ligg føre.

2. Kinn kommunestyre bed kommunedirektøren førebu sak om folkerøysting om hovudmål ved Skram skole i 2026.

## Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 03.09.2024:

Orientering av Mona Ødegård Standal
**Røysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**OPKUV- 055/24 Vedtak:**
1. Kinn kommunestyre vedtek «Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune» slik den ligg føre.
2. Kinn kommunestyre bed kommunedirektøren førebu sak om folkerøysting om hovudmål ved Skram skole i 2026.

**Vedlegg i saken:**
Innspel - høyring - Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune
Høyringsinnspel - Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune frå FAU Florø Barneskule
Høyringsinnspel Skavøypoll skule vedkomande Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune
Innspel - Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune
Høyringsinnspel - Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune frå SU Raudeberg skule
Innspel - Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Kinn kommune fra Krokane FAU
Følgjeskriv
Utkast til handsaming i kommunestyret

# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-00, FA-A00, TI-&00
**JournalpostID:** 24/37038
**Sakshandsamar:** Runa Nybakk
**Dato:** 05.08.2024

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 051/24 | Oppvekst- og kulturutvalet | 03.09.2024 |
| 107/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

# Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune

**KOST- 107/24 Vedtak:**
Kinn kommunestyre vedtek Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune, slik det går fram av vedlegget.

**Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 03.09.2024**
Kinn kommunestyre vedtek Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune, slik det går fram av vedlegget.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Kinn kommunestyre vedtek Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune, slik det går fram av vedlegget.

---

**Bakgrunn for saka:**
I ny opplæringslov gjeldande frå 01.08.2024, *Lov 9. juni 2023 nr 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæring*, går det fram av § 2-2 fjerde ledd:

> *Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skolen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Kommunen gir forskrift om permisjon frå skolen.*

Utkast til Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune var til handsaming i Oppvekst- og kulturutvalet 28.05.2024 (sak 030/24), og vart sendt på høyring med høyringsfrist 12.07.2024.

Saka, med vurdering av høyringsinnspel, vert nå lagt fram til handsaming i Oppvekst- og kulturutvalet. I samsvar med vedtak (KOST-87/23) *Politisk organisering og delegering*, kap. 2.3.5 punkt d) skal Oppvekst og kulturutvalet innstille i saka før endeleg vedtak vert fatta i Kinn kommunestyre.

**Saksopplysningar:**
Formålet med å fastsette *Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune*, er å sikre elevane sin rett til grunnskuleopplæring og ei lik handsaming av søknadar om elevpermisjon. Forskrifta vil såleis regulere elevane sin moglegheit til permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa, som er fastsett til 190

undervisningsdagar i løpet av eitt skuleår.

Permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring vil avkorte eleven sin rett til grunnskuleopplæring tilsvarande talet på permisjonsdagar. I handsaming av søknad om permisjon, skal det vurderast om eleven samla sett får ei forsvarleg opplæring (jf opplæringslova § 2-2 fjerde ledd). Forskrifta inneheld relevante moment som skal leggast til grunn for ei forsvarleg vurdering.

For å sikre ei lik handsaming av søknadar om elevpermisjon, er det i utkastet til forskrift lagt inn informasjon om saksgang ved søknad om permisjon, og kven som har ansvaret for handsaming av søknaden (§4), føremål ein kan søkje om permisjon til (§6) og relevante moment for «forsvarleg vurdering» av om eleven skal få permisjon (§9).

Oppvekst og kulturutvalet ba om innspel på følgjande:

A:

- om ein støttar forslaget om maksimalt 10 permisjonsdagar i løpet av eitt skuleår (§5 i utkast til forskrift)
- ev andre innspel

B:

- om ein støttar forslaget til føremål ein kan innvilge permisjon i høve til (§6 i utkast til forskrift)
- ev andre innspel

C:

- om ein støttar vurderingskriteria som vert lagt til grunn i handsaming av søknad om permisjon (§9 i utkast til forskrift)
- ev andre innspel

Det er komme 8 høyringsinnspel til utkast til forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune.

Kommunedirektøren vil vidare i saka, gjere ei vurdering av innkomne innspel. *Utkast korrigert med høyringsinnspel – Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune*, følgjer som vedlegg til saka. Korrigeringar som kommunedirektøren vurderer som relevante, er lagt inn i vedlegget med raud skrift.

**Vurderingar:**
Utkastet til *Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune* er utarbeidd ut frå dei føringar som ny opplæringslov gjeldande frå 01.08.2024 legg til grunn.

I utarbeidinga av forskrifta, har det vore fokus på å sikre elevane sin rett til grunnskuleopplæring, og ei lik handsaming av søknadar om elevpermisjon ved alle grunnskulane i Kinn kommune.

<u>Oppvekst og kulturutvalet ba om innspel på følgjande</u>:

A:

- om ein støttar forslaget om maksimalt 10 permisjonsdagar i løpet av eitt skuleår (§5 i utkast til forskrift)
- ev andre innspel

Høyringsinnspel:

- Alle høyringsinnspela støttar forslaget om maksimalt 10 permisjonsdagar i løpet av eitt skuleår.

- FAU ved Florø barneskole stiller spørsmål ved om ei avgrensing til 10 permisjonsdagar vil medføre ekstra administrasjonsarbeid ved skulen, som må passe på at grensa på 10 dagar ikkje vert overskriden. Dei stiller også spørsmål om eventuelle konsekvensar for elevar som overskrid grensa på 10 dagar pr år.

- SU og skulemiljøutvalet ved Skavøypoll skule meiner at det må komme tydelegare fram om permisjon ved helgedagar kjem i tillegg til 10 permisjonsdagar (§7), og ønskjer ei presisering av «rimeleg tid for å søkje» (§4)

Kommunedirektøren si vurdering:

- Elevfråvær vert ført i eige administrativt system. Elevane sitt fråver skal jamnleg følgjast opp gjennom skuleåret, og er ein administrativ jobb som også vert gjennomført i dag. §4 i forskrifta syner saksgang ved søknad om permisjon. Søknad skal sendast elektronisk (IST-home for ein dag, og på eige søknadsskjema for elevpermisjon utover ein dag). Slik vil ein få god oversikt over søknadar om permisjon, og fråvær knytt til innvilga permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring. Skriftleggjeringa vil gje skulen (kontaktlærar og rektor) ei oversikt over kvar elev sitt fråvær, og slik unngå at ein innvilgar meir enn 10 dagar permisjon i løpet av eitt år.

- *§7 Permisjon ved helgedagar*, er ein rett som gjeld for elevar som høyrer til anna trussamfunn enn Den norske kyrkja. Retten til permisjon er nedfelt i opplæringslova § 2-2, femte ledd. Rett til permisjon ved helgedagar kjem i tillegg til 10 permisjonsdagar, og retten til permisjon set krav om at foreldre skal sørgje for at eleven får den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skulen etter fråværet. Kommunedirektøren vurderer at relevante moment som ligg til grunn for vurdering av permisjonssøknadar i §9 *Forsvarleg vurdering,* legg føringar for korleis handsaming av søknadar knytt til retten til permisjon (helgedagar) og permisjon som kan innvilgast (10 dagar pr år) skal handsamast.

- I *§4 Saksgang ved søknad om permisjon*, står det at ved søknad om permisjon utover ein dag, må det *søkjast i rimeleg tid før permisjonsstart*. Kommunedirektøren ser behovet for at «rimeleg tid» må presiserast, dersom skulen skal kunne følgje opp *§9 Forsvarleg vurdering*. Kommunedirektøren endrar teksten i *§4 Saksgang ved søknad om permisjon*. Setninga «Det må søkjast i rimeleg tid før permisjonsstart» vert erstatta med «Søknad om permisjon må til vanleg sendast seinast 10 dagar før permisjonsstart, om ikkje særskilte hendingar som alvorleg sjukdom i familien, dødsfall eller gravferd ligg til grunn for søknaden».

- Alle høyringsinnspela støttar forslaget om maksimalt 10 permisjonsdagar i løpet av eitt skuleår. Kommunedirektøren vurderer at det ikkje er grunnlag for å endre §5 i forskrifta.

B:

- om ein støttar forslaget til føremål ein kan innvilge permisjon i høve til (§6 i utkast til forskrift)
- ev andre innspel

Høyringsinnspel:

- 6 høyringsinnspel støttar føremåla ein kan søkje om permisjon til.

- SU ved Raudeberg skule vil i tillegg føye til andre typar permisjonar som t.d. reiser og fritidsaktivtetar. FAU ved Raudeberg skule vil i tillegg føye til kortare feriar/reiser.

- SU ved Brandsøy skule vil endre teksten i §6 til eit punkt som seier «Etter ei konkret vurdering kan permisjon innvilgast». SU har også innspel til §7, om å stryke den delen som seier «dersom foreldra sørgjer for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skolen etter fråværet».

- SU ved Torvmyrane skule meiner at foreldre må kunne ha eigne grunnar for å søkje elevane fri. Ein søknad med innvilga eller avslått i rektor si handsaming med vurdering av forsvarleg opplæring.

Kommunedirektøren si vurdering:

- Ein viktig føresetnad som er lagt til grunn ved utarbeidinga av forskrifta, er å sikre elevar sin rett til grunnskuleopplæring. Elevane har 190 undervisningsdagar i løpet av eit skuleår, og vert årleg vedtatt av kommunestyret i *Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar*.

  Forskrifta §6 avgrensar permisjonsføremålet til: *Markeringar og spesielle arrangement (t.d markeringar i familien, organisasjonsarbeid og politisk arbeid, idrett og kulturelle konkurransar / stemner.* Slikt permisjonsføremål vil avgrense foreldre sin muligheit til å søkje elevpermisjon for å avvikle ferie utanom ferietida. Å utelate ferie som permisjonsføremål, baserer seg på erfaring frå skulane om at elevar ikkje møter til skulestart i august, avsluttar skuleåret tidlegare og utvidar haustferie og vinterferie på grunn av ferieavvikling. Elevar kan miste verdifull undervisningstid og relasjonsbygging i klassen med bakgrunn i dette.

- SU ved Brandsøy skule sitt innspel om å endre §6 til «Etter ei konkret vurdering kan permisjon innvilgast», er etter kommunedirektøren sitt syn sammenfallande med SU ved Torvmyrane skule sitt innspel om at «foreldre må kunne ha eigne grunnar for å søkje elevane fri. Rektor vil i si handsaming, med vurdering av forsvarleg opplæring innvilge eller avslå ein søknad».

- Kommunedirektøren ser at fleirtalet av høyringsinnspela ønskjer eit punkt med føremål ein kan søkje om permisjon til, slik det går fram av utkastet. Dette gjev ei lik praktisering av føremål ein kan søkje om elevpermisjon til, for alle skulane. Komunedirektøren ser likevel at det er behov for at skulane kan gjere konkrete vurderingar i høve andre formål, slik det kjem fram av nokre høyringar. Kommunedirektøren vurderer å føye til eit ekstra punkt i §6; «Etter ei konkret vurdering kan det gjevast permisjon til andre føremål».

C:

- om ein støttar vurderingskriteria som vert lagt til grunn i handsaming av søknad om permisjon (§9 i utkast til forskrift)
- ev andre innspel

Høyringsinnspel:

- 7 av 8 høyringsinnspel støttar vurderingskriteria som er foreslått lagt til grunn i handsaming av søknad om permisjon.

- SU ved Brandsøy skule meiner at §9 må strykast, då det vil vere urealistisk å etterleve på rettferid vis.

Kommunedirektøren si vurdering:

- Opplæringslova § 2-2 fjerde ledd seier at kommunen kan gje ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. I utkastet til forskrift er det lagt vekt på å finne relevante moment som kan leggast til grunn for å gjere ei forsvarleg vurdering av opplæringa. Vurderingskriteria vil vere like for alle permisjonssøknadar, og eit avslag på permisjon skal vere grunngjeven. Kommunedirektøren legg til grunn at vurderingskriteria er diskutert og vurdert i leiargruppa for grunnskulen, og at dei fleste høyringsinnspela støttar det som er foreslått. Kommunedirektøren vurderer at §9 ikkje vert endra.

Andre innspel

- SU ved Brandsøy skule har innspel til *§7 Permisjon ved helgedagar*. SU vil stryke den delen som seier «dersom foreldra sørgjer for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skolen etter fråværet».

Kommunedirektøren si vurdering:

- *§7 Permisjon ved helgedagar* er henta frå opplæringslova §2-2, femte ledd. Setninga som SU ved Brandsøy skule vil stryke frå forskrifta §7 er såleis lovfesta, og knytt til retten som elevar frå andre trussamfunn har til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har helgedag. Kommunedirektøren vurderer at §7 i forskrifta ikkje vert endra. Det vert lagt til ei henvising til opplæringslova §2-2, femte ledd.

Oppsummering

Kommunedirektøren vurderer at *Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune*, med presisering og tidfesting av søknadsfrist i §4, og tilføying av eit ekstra punkt om «andre føremål» i §6, er eigna for å sikre elevane sin rett til grunnskuleopplæring og ei lik handsaming av søknadar om elevpermisjon ved grunnskulane i Kinn kommune.

Kommunedirektøren vurderer at Oppvekst – og kulturutvalet i si handsaming av forskrifta, innstiller til kommunestyret å vedta forskrifta med rettingar slik det går fram av oppdatert vedlegg til saka.

**Økonomiske konsekvensar**:
Ingen økonomiske konsekvensar

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:

LOV-2023-06-09-30, Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

**Røysting:**
Innstilling frå oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedteke.

**KOST- 107/24 Vedtak:**
Kinn kommunestyre vedtek Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune, slik det går fram av vedlegget.

## Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 03.09.2024:

Orientering av kommunalsjefen.
**Røysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**OPKUV- 051/24 Vedtak:**
Kinn kommunestyre vedtek Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune, slik det går fram av vedlegget.

**Vedlegg i saken:**
Utkast korrigert med høyringsinnspel - Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune
Innspel - Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune
Høyringsuttale - Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune frå SU ved Torvmyrane skule
Høyringsuttale - Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune frå SU ved Skavøypoll skule
Høyringsuttale - Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune frå SU Brandsøy skule og barnehage
Høyringsinnspel  - Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune frå FAU Raudeberg
Høyringsinnspel  - Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Kinn kommune frå SU Raudeberg skule
Høyringsinnspel fra FAU ved Florø Barneskule

# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-00, FA-A22
**JournalpostID:** 24/39172
**Sakshandsamar:** Mona Ødegård Standal
**Dato:** 25.08.2024

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 054/24 | Oppvekst- og kulturutvalet | 03.09.2024 |
| 108/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

# Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune

**KOST- 108/24 Vedtak:**
1. Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune - endeleg framlegg vert godkjend slik den ligg føre.

2. Kommunedirektøren kjem tilbake til oppvekst- og kulturutvalet og kommunestyret med eiga sak om organisering og finansiering av ferie-SFO.

**Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 03.09.2024**
Oppvekst- og kulturutvalet tilrår at Kinn kommunestyre gjer slikt vedtak:

1. *Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune – endeleg framlegg* vert godkjend slik den ligg føre.
2. Kommunedirektøren kjem tilbake til Oppvekst- og kulturutvalet og kommunestyret med eiga sak om organisering og finansiering av ferie-SFO.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Oppvekst- og kulturutvalet tilrår at Kinn kommunestyre gjer slikt vedtak:

1. *Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune – endeleg framlegg* vert godkjend slik den ligg føre.

2. Kommunedirektøren kjem tilbake til oppvekst- og kulturutvalet og kommunestyret med eiga sak om organisering og finansiering av ferie-SFO.

---

**Bakgrunn for saka:**
Kinn kommune vedtok *Forskrift om vedtekter for skolefritidsordninga i Kinn kommune* i Kommunestyret, sak 175/22, 15.12.2022

Vedtekter for SFO skal fastsettast og ta opp i seg nasjonale og lokale vedtak og retningsliner som gjeld SFO-tilbodet i kommunen, jf. Ny opplæringslov § 4-5.

I etterkant av Kinn kommune sitt førre vedtak om vedtekter for SFO er det mellom anna innført gratis kjernetid 12 t/v for 2. trinn (2023/2024) og vedteke gratis kjernetid 12 t/v

for 3. årstrinn frå og med skuleåret 2024/2025. Dette er ei ordning som kommunen har plikt til å tilby.

Saka legg opp til ei revidering av gjeldande vedtekter for skulefritidsordninga i Kinn kommune.

Vedtektene og endringar i vedtektene skal vedtakast som lokal forskrift, jf. Forvaltningslova §2, og publiserast på Norsk lovtidend. Forslag til endringar i vedtektene skal sendast på høyring i tråd med forvaltningslova § 37.

Det var lagt opp til slik prosess for å fastsette *Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune*;

- 05.06.2024: Høyringsutkast til *Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune* vert handsama av Oppvekst og kulturutvalet og sendt på offentleg høyring.
- Foreldrearbeidsutval (FAU) og samarbeidsutval (SU) ved dei ulike skulane i kommunen og arbeidstakarorganisasjonane vert kontakta direkte for høyringsuttale.
- 19.07.2024: Høyringsfrist
- 03.09.2024: Oppvekst og kulturutvalet handsamar *Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune* med bakgrunn i innkomne høyringsuttalar.
- 17.09.2024: Kinn kommunestyre gjer vedtak om *Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune*

Saka har no vore på høyring med frist for innspel 19.07.24. Det har kome 10 høyringsinnspel til saka, hovudsakleg frå FAU og SU ved skulane.

**Saksopplysningar:**
Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning for 1. – 4. årstrinn og for elevar med særskilt behov på 5. – 7. årstrinn. Skulefritidsordninga er ikkje ein del av grunnskuleopplæringa, men skal vere eit frivillig tilbod. Opplæringslova gjev såleis ikkje elevane rett til plass i skulefritidsordning. Vedtekter for SFO skal gje foreldre viktig informasjon om SFO–tilbodet, og gje dei høve til å vurdere innhald og kvalitet i forhold til pris. Vedtektene skal sette ramme for skulefritidsordninga og gjere drifta av SFO-tilbodet føreseieleg. I den vidare saksutgreiinga tek vi stilling til høyringsinnspela.

**Vurderingar:**
Oppvekst og kulturutvalet sende i 05.06.2024 *forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune* ut på høyring med følgjande høyringsspørsmål:

1. **Skal Kinn kommune oppretthalde tilbodet om ferie-SFO?**
   a. **Om ja, korleis skal tilbodet finansierast?**
   b. **Om ja, kan ein organisere tilbodet i Florø sentrum ved fleire skular om tal påmelde viser at det er naudsynt?**

Det kom inn 10 høyringsinnspel innan fristen og desse innspela, med kommunedirektøren sine vurderingar/merknader, finn du i tabellen under.

| Paragraf | Høyringsinnspel | Kommunedirektøren si vurdering |
|---|---|---|
| §1 Virkeområde | Ingen merknader | |
| §2 Formål og | Ingen merknader | |

| | | |
|---|---|---|
| innhald | | |
| §3 Eigartilhøve | Ingen merknader | |
| §4 Ordinært SFO-tilbod | Ingen merknader | |
| §5 Ferie-SFO | 1. **Skal Kinn kommune oppretthalde tilbodet om ferie-SFO?**<br><br>Åtte av 10 høyringsinnspel svarar JA på dette spørsmålet. Hovudargumenta er at dette er eit viktig tilbod for å vere ein attraktiv kommune for småbarnsfamiliar og at familiar som av ulike årsaker ikkje har pass til borna heile sommarferien har eit kommunalt tilbod. SU/FAU ved Stavang skule tar ikkje stilling til spørsmålet då dei ikkje nyttar tilbodet. Dei som er organisert i Fagforbundet ved Skram skule ønskjer ikkje at kommunen skal tilby ferie-SFO. Dei tilsette ønskjer ikkje å jobbe dei aktuelle vekene og meiner SFO bør følgje skuleruta.<br><br>a. **Om ja, korleis skal tilbodet finansierast?**<br><br>Av dei åtte som svarar JA på spørsmålet om ferie-SFO er det fire som meiner at ein bør auke prisen på SFO med 5% gjennom året. Ein respondent meiner ein bør auke prisen per veke frå 2000 til 3400 kr. Dei resterande tre tar ikkje stilling til det konkrete spørsmålet, men ber kommunen sjå på andre løysingar. Fleire av høyringsinnspela ber kommunen om å finne ut korleis dei løyser finansiering av ferie-SFO i andre kommunar. Bergen, Sunnfjord og Sogndal er konkret nemnt som aktuelle kommunar. | Det er stort fleirtal for å oppretthalde tilbodet om ferie-SFO blant dei som har svart på høyringa. Åtte av ni FAU/SU ved barneskulane har svart på høyringa og ein må soleis kunne seie at eitt breitt utval av brukarane har fått uttale seg. Det bør vekte tungt at innspela frå brukarane er så samstemte.<br><br>Når det gjeld innspelet frå dei tilsette ved Skram skule er dette i hovudsak knytt til arbeidsavtalar og arbeidstidsordningar for dei som tilsette, og ikkje noko som skal handsamast i ei sak om forskrift for SFO. Dette innspelet vil bli handsama internt i lag med HTV ved behov.<br><br>Det er vanskeleg å hente ut noko klart råd om finansiering, men kommunedirektøren tolkar innspela slik at forslaget om å auke foreldrebetalinga frå 2.000 kr til 3.400 kr ikkje er sett på som eit godt alternativ. Mange av respondentane meiner at prisen allereie er høg for ferie-SFO og fryktar at dei som treng tilbodet ikkje nyttar seg av det, grunna kostnadane. Kommunedirektøren ser at det kan vere trong for eit betre kunnskapsgrunnlag knytt til moglege finasieringsordningar og vil be politikarane ta stilling til om vi skal ha eit tilbod om ferie-SFO. Dersom det er politisk fleirtal for å oppretthalde tilbodet vil kommunedirektøren førebu ei eiga sak om finansiering etter å henta inn erfaringar frå andre kommunar. |

| | | |
|---|---|---|
| | b. **Om ja, kan ein organisere tilbodet i Florø sentrum ved fleire skular om tal påmelde viser at de ter naudsynt?**<br><br>Fire respondentar svarar JA på dette spørsmålet. Dei resterande har valt å ikkje svare/ta stilling.<br><br>**Generelle kommentarar frå høyringsuttalene:**<br>Fleire av respondentane oppfordrar Kinn kommune til å kartlegge behovet for ferie-SFO og vere tidleg ute med god informasjon om tilbodet, både innhald, organisering og betaling. | Dei som har gjeve innspel til dette spørsmålet svarar JA. Kommunedirektøren vil difor tilrå å vedta forskrifta slik ho ligg føre på dette punktet.<br><br>Desse innspela er ikkje direkte knytt til innhald i forskrifta, men kommunedirektøren vil ta desse innspela vidare til skuleleiarane og utarbeide ein felles mal for informasjon og kartlegging av behov for ferie-SFO. |
| §6 Styring og leiing | Ingen merknader | |
| §7 Opptak, opptaksmynde og opptakskriterium | Ingen merknader | |
| §8 Endringar og oppseiing | Ingen merknader | |
| §9 Foreldrebetaling | | |
| §10 Forseinka og misleghalden foreldrebetaling | Ingen merknader | |
| §11 Bemanning | Ingen merknader | |
| §12 Leike- og opphaldsareal | Ingen merknader | |
| §13 Skyss | Ingen merknad | |
| §14 Internkontroll | Ingen merknad | |
| §15 Klage | Ingen merknad | |
| §16 Iverksetting og kunngjering | Ingen merknad | |

Innspel vi har motteke i høyringsrunden, samanhalde med innspel frå interne tenester, gjer til at det er naudsynt med ei grundigare vurdering av alternative måtar å organisere/finansiere ferie-SFO på. Dette inneber mellom anna undersøking av andre kommunar sine ordningar for ferie-SFO.

Vi har også starta drøftingar med kulturtenesta om korleis vi i samarbeid kan skape eit best mogleg tilbod om ferie-SFO, for så låg kostnad som mogleg for føresette. Dette er i tråd med føringar om samhandling med frivillig sektor slik det går fram i kommuneplanen sin samfunnsdel. Vi er også i startgropa for omstillingsarbeidet med Agenda Kaupang og ser at det er fornuftig å også sjå på finansiering av SFO-tilbodet i denne samanheng.

Kommunedirektøren bed difor om å få kome attende til oppvekst og kulturutvalet og kommunestyret med ei eiga sak om finansiering og organisering av ferie-SFO. Satsar for SFO-tilbodet, inklusivt ferie-SFO, vil vere klart til prisregulativet for 2025 skal leggast ut

på høyring.

**Økonomiske konsekvensar**:
Innføring av gratis kjernetid for 3. klasse er kompensert frå staten og fordelt til tenestene sine rammer. Vi veit ikkje med sikkerheit om dette fullt ut dekkjer inntektstapet for tenestene. Utover dette skal ikkje saka ha direkte økonomiske konsekvensar knytt til ordinært SFO-tilbod.

Økonomiske konsekvensar knytt til ferie-SFO vil bli utgreidd i eiga sak.

Fram til nytt vedtak om ferie-SFO må meirkostnadar med drift av ferie-SFO bli dekka av skulane si eiga ramme.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
Opplæringslova § 4-5 med forskrifter
Forskrift om rammeplan for skulefritidsordninga
Opplæringslova § 12 Eleven sitt skulemiljø
Opplæringslova § 17-11, første og fjerde ledd, Politiattest og forbod mot tilsetjing
Gjeldande vedtekter for skulefritidsordninga i Kinn kommune:
https://kinn.kommune.no/vare-tenester/oppvekst-og-utdanning/skule/vedtekter-for-skulefritidsordninga-sfo/

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

**Røysting:**
Innstilling frå oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedteke i to punkt.

**KOST- 108/24 Vedtak:**
1. Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune - endeleg framlegg vert godkjend slik den ligg føre.

2. Kommunedirektøren kjem tilbake til oppvekst- og kulturutvalet og kommunestyret med eiga sak om organisering og finansiering av ferie-SFO.

## Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 03.09.2024:

Orientering om saka av Mona Ødegård Standal
**Røysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**OPKUV- 054/24 Vedtak:**
Oppvekst- og kulturutvalet tilrår at Kinn kommunestyre gjer slikt vedtak:
1. *Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune – endeleg framlegg* vert godkjend slik den ligg føre.
2. Kommunedirektøren kjem tilbake til Oppvekst- og kulturutvalet og kommunestyret med eiga sak om organisering og finansiering av ferie-SFO.

**Vedlegg i saken:**

Høyringsuttale - Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn Kommune frå tilsette ved Skram skole
Høyringsuttale - Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn Kommune frå FAU Skavøypoll
Innspel - Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune
Innspel - Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune fra Krokane FAU
Høyringsuttale - Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn Kommune frå SU Torvmyrane skule
Høyringsuttale - Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn Kommune frå SU Brandsøy skule og barnehage
Høyringsinnspel - Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune frå FAU Raudeberg
Innspel - Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune
Høyringsinnspel Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune frå SU Raudeberg skule
Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune - endeleg framlegg
Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune - høyringsutkast.pdf

# Kinn kommune

**Arkiv:** FA-X20
**JournalpostID:** 24/38916
**Sakshandsamar:** Jon Even Myre
**Dato:** 22.08.2024

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 031/24 | Helse-, sosial- og omsorgsutvalet | 03.09.2024 |
| 109/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

## Beredskapsplan for helse og velferd

**KOST- 109/24 Vedtak:**
Beredskapsplan for helse og velferd blir vedteke slik den ligg føre.

**Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 03.09.2024**
Beredskapsplan for helse og velferd samrøystes vedteke slik den ligg føre.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Beredskapsplan for helse og velferd blir vedtatt.

---

**Bakgrunn for saka:**
Kommunen er pålagt av Lov om helsemessig og sosial beredskap (helseberedskapslova) § 2-2 å utarbeide ein plan for helsemessig og sosial beredskap:

«Kommuner, fylkeskommuner, regionale helseforetak og staten plikter å utarbeide en beredskapsplan for de helse- og omsorgstjenester eller sosialtjenester de skal sørge for et tilbud av eller er ansvarlige for. Kommuner skal også utarbeide beredskapsplan for sine oppgaver etter folkehelseloven kapittel 3. Beredskapsplanen skal også omfatte tjenester som etter lov eller avtale tilbys av private virksomheter som en del av de respektive tjenester. Det skal også i nødvendig utstrekning utarbeides delplaner for aktuelle institusjoner og tjenesteområder.»

**Saksopplysningar:**
Beredskapsplanen skal vere det styrande dokumentet for handtering av uønskte hendingar i sektoren og fungere som bindeledd mellom dei ulike dokumenta som utgjer beredskapsplanverket og kommunen sin overordna beredskapsplan. Det skal vere eit kort og lettfatta dokument som saman med relevante tiltakskort kan takast i bruk når ei uønskt hending skjer.

Planen er utarbeidd i samarbeid med tenestene og på bakgrunn av risiko- og sårbarheitsanalyse for helse og velferd. Risiko- og sårbarheitsanalysen er laga i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo og ligg ved saka saman med vurderingskriterium som ligg til grunn for vurdering av sannsyn og konsekvens. I analysen er det peika på ein del framlegg til tiltak som kan settast i verk for å

gjere sektoren mindre sårbar for kriser. Desse skal følgast opp saman med tiltak frå heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse og kommuneplanen sin samfunnsdel i eit eige arbeid.

**Vurderingar:**
Tenestene har i dag ulike planar og rutinar for å handtere uønskte hendingar og det er derfor behov for eit dokument som samordnar desse og sikrar ei effektiv og god krisehandtering.

**Økonomiske konsekvensar**:
Ingen

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
Lov om helsemessig og sosial beredskap (helseberedskapslova) § 2-2

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

**Røysting:**
Instilling frå helse-, sosial og omsorgsutvalet samrøystes vedteke.

**KOST- 109/24 Vedtak:**
Beredskapsplan for helse og velferd blir vedteke slik den ligg føre.

## Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 03.09.2024:

Innspel frå representanten Leite Olsen (H) om å gjere avtalar med frivillige organisasjonar og ta dei med i planverket. Involvering i øving er viktig i forhald til dei ein gjer avtalar med. Dersom det ikkje føreligg ein avtale med Florø Røde Kors bør det gjerast avtale med dei.
**Røysting**:
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

**HSOUV- 031/24 Vedtak:**
Beredskapsplan for helse og velferd samrøystes vedteke slik den ligg føre.

**Vedlegg i saken:**
Risiko- og sårbarheitsanalyse for helse og velferd
Kriterium for sannsyn og konsekvens - Brann og beredskap
Beredskapsplan for helse og velferd

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FA-U62 |
| **JournalpostID:** | 24/38983 |
| **Sakshandsamar:** | Bodil Gjerde |
| **Dato:** | 22.08.2024 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 036/24 | Helse-, sosial- og omsorgsutvalet | 03.09.2024 |
| 110/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

# Skjenkeløyve - Cats Måløy AS 2024-2028

**KOST- 110/24 Vedtak:**
Kinn kommunestyre delegerer til kommunedirektøren å gjere følgjande vedtak når manglande dokumentasjon er levert inn til kommunen:
Cats Måløy AS, org. nr. 833 828 622, ved dagleg leiar Recep Aykut får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for dette, Cats Måløy As, Gate 1 nr 66, Måløy.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

| | |
|---|---|
| Godkjent styrar | Recep Aykut, født 07.07.1985 |
| Godkjent stadavløysar | Madeleine Maria Kristina Ignesias født 24.11.1998 |
| Godkjent lokale | Cats Måløy AS, inne og ute, jf. godkjente planteikningar |
| Type verksemd | Restaurant og pub |
| Alkoholvare | Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol |

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner for perioden 2024-2028.

**Godkjende opnings- og skjenketider:**

Uteservering med skjenketid til kl 23.00 frå 01.09. – 30.04, og til kl 02.00 frå 01.05 – 31.08.

Vedtekne opnings- og skjenketid:

| **Skjenkestad** | **Skjenketider** | | **Opningstider** | |
|---|---|---|---|---|
| | **Under 22 %** | **Over 22 %** | **Uteservering til** | **Ope til** |
| Cats Måløy AS | 08.00-02.00 | 13.00 – 02.00 | 03.00 | 03.00 |

**Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 03.09.2024**
Kinn kommunestyre delegerer til kommunedirektøren å gjere følgjande vedtak når manglande dokumentasjon er levert inn til kommunen:
Cats Måløy AS, org. nr. 833 828 622, ved dagleg leiar Recep Aykut får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for dette, Cats Måløy As, Gate 1 nr 66, Måløy.
Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

| | |
|---|---|
| Godkjent styrar | Recep Aykut, født 07.07.1985 |
| Godkjent | Madeleine Maria Kristina Ignesias født 24.11.1998 |

| | |
|---|---|
| stadavløysar | |
| Godkjent lokale | Cats Måløy AS, inne og ute, jf. godkjente planteikningar |
| Type verksemd | Restaurant og pub |
| Alkoholvare | Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol |

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner for perioden 2024-2028.

**Godkjende opnings- og skjenketider:**

Uteservering med skjenketid til kl 23.00 frå 01.09. – 30.04, og til kl 02.00 frå 01.05 – 31.08.

Vedtekne opnings- og skjenketid:

| **Skjenkestad** | **Skjenketider** | | **Opningstider** | |
|---|---|---|---|---|
| | **Under 22 %** | **Over 22 %** | **Uteservering til** | **Ope til** |
| Cats Måløy AS | 08.00-02.00 | 13.00 – 02.00 | 03.00 | 03.00 |

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kinn kommunestyre delegerer til kommunedirektøren å gjere følgjande vedtak når manglande dokumentasjon er levert inn til kommunen:

Cats Måløy AS, org. nr. 833 828 622, ved dagleg leiar Recep Aykut får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for dette, Cats Måløy As, Gate 1 nr 66, Måløy.
Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

| | |
|---|---|
| Godkjent styrar | Recep Aykut, født 07.07.1985 |
| Godkjent stadavløysar | Madeleine Maria Kristina Ignesias født 24.11.1998 |
| Godkjent lokale | Cats Måløy AS, inne og ute, jf. godkjente planteikningar |
| Type verksemd | Restaurant og pub |
| Alkoholvare | Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol |

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner for perioden 2024-2028.

**Godkjende opnings- og skjenketider:**

Uteservering med skjenketid til kl 23.00 frå 01.09. – 30.04, og til kl 02.00 frå 01.05 – 31.08.

Vedtekne opnings- og skjenketid:

| **Skjenkestad** | **Skjenketider** | | **Opningstider** | |
|---|---|---|---|---|
| | **Under 22 %** | **Over 22 %** | **Uteservering til** | **Ope til** |
| Cats Måløy AS | 08.00-02.00 | 13.00 – 02.00 | 03.00 | 03.00 |

**Bakgrunn for saka:**

Kinn kommune har motteke søknad om skjenkeløyve frå Cats Måløy AS , som ynskjer å drive restaurant og bar i lokale der Havna Vertshus AS har drive restaurant og bar.
Dei søkjer om løyve til skjenking av alle sortar alkohol.

**Saksopplysningar:**
Kinn kommune har motteke søknad om skjenkeløyve frå Cats Måløy AS , som ønskjer å drive restaurant og bar i lokala til Havna Vertshus AS. Den 31.07.24 fekk Kinn kommune melding frå Havna Vertshus AS om at dei avvikla drifta og at Cats Måløy AS ynskjer å drive restaurant og bar i lokala vidare.
Cats Måløy As sendte søknad om serveringsløyve og skjenkeløyve 25. juli, og ettersending av dokumentasjon den 22.08.24. Søkjar har rettidig levert inn dei fleste naudsynte dokument for at kommunen skal kunne handsame søknaden.
Cats Måløy AS måtte endre skjenkestyrar grunna dei har drift på fleire restaurantar i Stad kommune. Lova seie at ein ikkje kan være skjenkestyrar på meir enn eit skjenkeløyve.
Det manglar stadfesting på bestått etablerer prøve på styrar, og kunnskapsprøve på stadavløysar. Løyve kan ikkje gjevast før desse dokumenta ligg føre. Søknaden har vore handsama i samsvar med Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner. Vandelsførespurnad har vore sendt Politi og skatteetat, som ikkje har merknader til søkjar eller konseptet. Opnings- og skjenketider er i samsvar med omsøkte tider frå søkjar. Cats Måløy AS driv i dag på Havna vertshus AS sitt løyve, fram til 30.september 2024.

Kommunedirektøren rår til at Cats Måløy AS får skjenkeløyve til alle sortar alkohol når styrar og stadavløysar er godkjent. Cats Måløy AS er informert om politisk saksgang for slike søknader.

**Vurderingar:**
Når Cats Måløy AS har levert inn alle dokument som er kravd for slike søknader, vil bevillinga vere gjeldande. Der har vore restaurantdrift i lokala tidlegare, så der er ikkje trong for noka ny regulering eller godkjenning av lokala. Søknaden er handsama i samsvar med serveringslova og alkohollova. Kommunedirektøren rår til at løyve vert gjeve som framlegget viser.

**Økonomiske konsekvensar**:
Det vil i samsvar med gjeldande lovverk bli gjennomført kontroll med utføring av det gjeve løyvet. Dette vert utført av det kontrollselskap kommunen har avtale med. Vidare vil Kinn kommune kvart år krevje inn gebyr for å inneha kommunalt løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk. Dette gebyret skal dekke dei utgifter kommunen har med oppfølging og kontroll med det gjeve løyvet.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 02.06.1989, nr. 27 (alkohollova) med seinare tillegg og endringar.
· bestille alt utstyret ein treng for å gjennomføre val
· finne eigna førehandsrøyste- og vallokale og fastsette opningstider for desse

· gjennomføre stemmegjevinga, samt telle opp alle stemmene

Vidare så er det kommunen sitt ansvar å veilede veljaren ved spørsmål knytt til valet.

**Vurderingar:**
Ved dei siste vala i Kinn kommune, kommunestyrevalet 2023 og stortingsvalet 2021, er det Formannskapet som har vore Valstyre.

Gruppeleiarutvalet legg fram framlegg til valstyre i kommunestyremøte 17.09.2024. Møteplan for valstyret 2025 vert teke stilling til samstundes med Møteplan 2025 for Kinn kommune.

**Økonomiske konsekvensar**:
Møtegodtgjersle for Valstyret vert å innarbeide i budsjett 2025 for Kinn kommune.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
Vallova
Valforskrifta
Valg.no

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

Innstilling frå gruppeleiarutvalet, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Medlemmane av formannskapet vert vald til medlemer av Valstyret i Kinn kommune for Stortings- og sametingsvalet 2025

**Røysting:**
Innstilling frå gruppeleiarutvalet samrøystes vedteke.

**KOST- 115/24 Vedtak:**
Medlemmane av formannskapet vert vald til medlemmar av Valstyret i Kinn kommune for Stortings- og sametingsvalet 2025.

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FE-033, FE-465 |
| **JournalpostID:** | 24/40743 |
| **Sakshandsamar:** | Linda Alice Myhre Larsen |
| **Dato:** | 04.09.2024 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 116/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

# Fritak frå politiske verv / suppleringsval - Jon Asle Svår

**KOST- 116/24 Vedtak:**
1. Jon Asle Svår er fritatt frå sine politiske verv i Kinn kommune frå 03.08.2024, då han er flytta frå kommunen.

2. Ny varamedlemsliste i kommunestyret for SP ser slik ut etter opprykk etter valoppgjeret ved kommunestyrevalet i 2023:

1. vara Elisabeth Halsne
2. vara Magne Ove Midtbø
3. vara Heidi Borge
4. vara Oddvar Endestad
5. vara Stig Asle Midtbø
6. vara Vidar Flister

3. Nytt 1. varamedlem for SP i plan- og miljøutvalet vert Vidar Flister.

4. Nytt 1. varamedlem for SP i klagenemnda vert Vidar Flister.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
1. Jon Asle Svår er fritatt frå sine politiske verv i Kinn kommune frå 03.08.2024, då han er flytta frå kommunen.

2. Ny varamedlemsliste i kommunestyret for SP ser slik ut etter opprykk etter valoppgjeret ved kommunestyrevalet i 2023:

1. vara Elisabeth Halsne
2. vara Magne Ove Midtbø
3. vara Heidi Borge
4. vara Oddvar Endestad
5. vara Stig Asle Midtbø
6. vara Vidar Flister

3. Nytt 1. varamedlem for SP i Plan- og miljøutvalet vert:_______________

4. Nytt 1. varamedlem for SP i Klagenemnda vert:_______________________

---

**Bakgrunn for saka:**
Jon Asle Svår har i brev datert 03.08.2024 meldt frå om at han har flytta frå Kinn

kommune og søkjer fritak frå sine politiske verv.

**Saksopplysningar:**
Jon Asle Svår er medlem i følgjande utval i Kinn kommune for Kinn senterparti:

| Utval | Rolle |
|---|---|
| Kommunestyret | 3.varamedlem |
| Plan- og miljøutvalet | 1.varamedlem |
| Klagenemnda | 1.varamedlem |

I kommunelova står følgjande:

### *§ 7-9.Uttreden og fritak, 1. avsnitt*
En folkevalgt som ikke lenger er valgbar til et folkevalgt organ, trer endelig ut av organet. En folkevalgt som er registrert som utflyttet fra kommunen eller fylkeskommunen, og derfor ikke lenger er valgbar, kan likevel tre inn igjen i vervet hvis han eller hun flytter tilbake igjen innen to år.

### *§ 7-10.Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg*
Hvis medlemmer har forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer fra den gruppen der det er forfall. Varamedlemmer skal så langt som mulig innkalles i den nummerordenen de er valgt.
Hvis medlemmer av kommunestyret, fylkestinget eller direkte valgte kommunedelsutvalg trer endelig ut, og de er valgt ved forholdsvalg, skal varamedlemmer fra samme liste tre inn i deres sted i den nummerordenen varamedlemmene er valgt. Hvis medlemmer av kommunestyret trer endelig ut, og de er valgt ved flertallsvalg, skal varamedlemmer tre inn i den nummerordenen de er valgt.

Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité, fylkestingskomité eller direkte valgt kommunedelsutvalg trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem.

Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønnet.

Hvis lederen av et folkevalgt organ trer endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.

Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg). Hvis det viser seg at denne framgangsmåten fører til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det, hvis det er mulig, velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønnet.
Formannskapet eller fylkesutvalget kan få delegert myndighet til å velge varamedlemmer til andre organer.

Ved nyvalg etter tredje ledd og suppleringsvalg etter femte ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen skal deretter informere kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter tredje ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter femte ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.

Ved nyvalg etter tredje ledd til arbeidsutvalg kan gruppen i det folkevalgte organet som opprettet arbeidsutvalget, selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen skal deretter informere det folkevalgte organet som opprettet arbeidsutvalget. Det folkevalgte organet skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt.

**Vurderingar:**
Representanten Jon Asle Svår er flytta frå Kinn kommune og vert fritatt frå sine verv frå og med 03.08.2024.

- Opprykk i kommunestyret med hensyn til nytt 3. varamedlem og opprykk av resten av varalista skjer i henhald til valoppgjeret frå kommunestyrevalet hausten 2023, jf. kommunelova §7-10, 2. ledd.
- Val av nytt 1. varamedlem i Plan- og miljøutvalet er det SP si gruppe som foreslår, jf. kommunelova §7-10, 3. ledd.
- Val av nytt 1. varamedlem i Klagenemda er det SP si gruppe som foreslår, jf. kommunelova §7-10, 3. ledd.

**Økonomiske konsekvensar**:
Ingen økonomiske konsekvensar.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
Kommunelova

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

Erstatningsval frå SP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
3. Nytt 1. varamedlem for SP i Plan- og miljøutvalet vert: Vidar Flister

4. Nytt 1. varamedlem for SP i Klagenemnda vert: Vidar Flister

**Røysting:**
Framlegg frå SP til varamedlem i plan- og miljøutvalet og klagenemda samrøystes vedteke.

**KOST- 116/24 Vedtak:**
1. Jon Asle Svår er fritatt frå sine politiske verv i Kinn kommune frå 03.08.2024, då han er flytta frå kommunen.

2. Ny varamedlemsliste i kommunestyret for SP ser slik ut etter opprykk etter valoppgjeret ved kommunestyrevalet i 2023:

| | |
|---|---|
| 1. vara | Elisabeth Halsne |
| 2. vara | Magne Ove Midtbø |
| 3. vara | Heidi Borge |
| 4. vara | Oddvar Endestad |
| 5. vara | Stig Asle Midtbø |
| 6. vara | Vidar Flister |

3. Nytt 1. varamedlem for SP i plan- og miljøutvalet vert Vidar Flister.

4. Nytt 1. varamedlem for SP i klagenemnda vert Vidar Flister.

**Vedlegg i saken:**
Valprotokoll for valstyret i Kinn kommune, Vestland valdistrikt - Kommunestyrevalget 2023 (valoppgjer)

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FE-033, FE-465 |
| **JournalpostID:** | 24/41255 |
| **Sakshandsamar:** | Mari Halsør |
| **Dato:** | 10.09.2024 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 117/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

# Søknad om fritak frå politiske verv i perioden 20.09.2024 - 20.06.2026 / suppleringsval - Tove Lill Refvik Volle

**KOST- 117/24 Vedtak:**
**1.** Tove Lill Refvik Volle får fritak frå sine politiske verv i Kinn kommune i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

**2.** Varamedlem vert kalla inn til kvart kommunestyremøte i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

**3.** Marie Kristine Øverås Jensen vert valt som settemedlem i helse-, sosial- og omsorgsutvalet i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026. Nytt settevaramedlem vert Agnieszka Toporska.

**4.** Ninja Tolo Ness vert valt som settevaramedlem i formannskapet i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

**5.** Ninja Tolo Ness vert valt som settevaramedlem i finansutvalet i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
**1.** Tove Lill Refvik Volle får fritak frå sine politiske verv i Kinn kommune i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

**2.** Varamedlem vert kalla inn til kvart kommunestyremøte i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

**3.** ____________________ vert valt som settemedlem i helse-, sosial- og omsorgsutvalet i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

**4.** ____________________ vert valt som settevaramedlem i formannskapet i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

**5.** ____________________ vert valt som settevaramedlem i finansutvalet i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

---

**Bakgrunn for saka:**

Tove Lill Refvik Volle har søkt om fritak frå sine politiske verv i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

**Saksopplysningar:**
Representanten Tove Lill Refvik Volle frå Arbeidarpartiet søkjer om fritak frå politiske verv i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026 grunna utfordring med å kombinere politisk arbeid, jobb og studiar.

Refvik Volle er tenesteleiar for reinhald i Kinn kommune og startar på fagskule i reinhaldsleiing september 2024.

Refvik Volle søkjer difor om fritak frå følgjande utval:

Kommunestyret – fast medlem
Helse-, sosial- og omsorgsutvalet – fast medlem
Formannskapet – varamedlem
Finansutvalet – varamedlem

I kommuneloven står følgjande:

*§ 7-9 Uttreden og fritak*
*En folkevalgt som ikke lenger er valgbar til et folkevalgt organ, trer endelig ut av organet. En folkevalgt som er registrert som utflyttet fra kommunen eller fylkeskommunen, og derfor ikke lenger er valgbar, kan likevel tre inn igjen i vervet hvis han eller hun flytter tilbake igjen innen to år.*

*Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det.*

*En folkevalgt som har fått innvilget midlertidig fritak, har ikke rett til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over.*

*§ 7-10.Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg*
*Hvis medlemmer har forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer fra den gruppen der det er forfall. Varamedlemmer skal så langt som mulig innkalles i den nummerordenen de er valgt.*

*Hvis medlemmer av kommunestyret, fylkestinget eller direkte valgte kommunedelsutvalg trer endelig ut, og de er valgt ved forholdsvalg, skal varamedlemmer fra samme liste tre inn i deres sted i den nummerordenen varamedlemmene er valgt. Hvis medlemmer av kommunestyret trer endelig ut, og de er valgt ved flertallsvalg, skal varamedlemmer tre inn i den nummerordenen de er valgt.*

*Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité, fylkestingskomité eller direkte valgt kommunedelsutvalg trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønnet.*

*Hvis lederen av et folkevalgt organ trer endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.*

*Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg). Hvis det viser seg at denne framgangsmåten fører til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det, hvis det er mulig, velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønnet. Formannskapet eller fylkesutvalget kan få delegert myndighet til å velge varamedlemmer til andre organer.*

*Ved nyvalg etter tredje ledd og suppleringsvalg etter femte ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen skal deretter informere kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter tredje ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter femte ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.*

*Ved nyvalg etter tredje ledd til arbeidsutvalg kan gruppen i det folkevalgte organet som opprettet arbeidsutvalget, selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen skal deretter informere det folkevalgte organet som opprettet arbeidsutvalget. Det folkevalgte organet skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt.*

*<u>§ 7-11 Settemedlemmer</u>*
*Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret, fylkestinget eller direkte valgte kommunedelsutvalg er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Det samme gjelder hvis det er gitt et tidsubestemt fritak som antas å vare mer enn tre måneder. Settemedlemmet skal velges fra den samme gruppen som det fritatte medlemmet tilhørte.*

*Ved valg av settemedlem etter første ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen skal deretter informere kommunestyret eller fylkestinget, som skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt.*

*Ved valg av settemedlem til arbeidsutvalg kan gruppen i det folkevalgte organet som opprettet arbeidsutvalget, selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen skal deretter informere det folkevalgte organet som opprettet arbeidsutvalget. Det folkevalgte organet skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt.*

**Vurderingar:**
Framlegg til vedtak om fritak frå politiske verv er i tråd med kommuneloven § 7-9 2. ledd.

Dersom kommunestyret innvilger søknaden om fritak, vert det kalla inn varamedlem til kvart kommunestyremøte i tråd med varamedlemslista i innvilga fritaksperiode, jf. kommuneloven § 7-10.

Settemedlem til helse-, sosial- og omsorgsutvalet, samt settevaramedlem til formannskapet og finansutvalet skal veljast av den gruppa ho tilhøyrer, Arbeidarpartiet, jf. kommuneloven § 7-11.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
Kommuneloven § 7.

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

Nye i Tove Lill R. Volles posisjoner i permisjonstida, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti
Nytt fast medlem i HSU: Ronny Cassels Nytt varamedlem: Ralf Einar Johannessen
Nytt varamedlem til finansutval og formannskap: Ninja Tolo Ness

HSU, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti
Nytt medlem (settemedlem) er Marie Jensen og vara Agnieszka Toporska

Representant Refvik Volle fråtrer under handsaminga.
38 stemmeberettiga i denne saka.

Raudt v/repr. Geir Oldeide bemerker at saka ikkje nemner Refvik Volle sine verv som representant i Nordfjord Havneråd og medlem i representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS. Det må snarleg velgast erstattar til disse verva.

AP v/repr. Teigen ber kommunedirektøren om å komme tilbake med ei sak om erstattar til repr. Refvik Volle sine verv i Nordfjord Havneråd og Nordfjord Miljøverk IKS dersom det er slik at Refvik Volle ikkje kan inneha dei verva i fritaksperioden.

**Røysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak 1. punkt vedteke mot 2 røyster frå Venstre v/repr. Eliasson og repr. Nødseth.
Framlegg til settemedlemmar og settevaramedlemmar frå AP v/repr. Teigen samrøystes vedteke.

**KOST- 117/24 Vedtak:**
**1.** Tove Lill Refvik Volle får fritak frå sine politiske verv i Kinn kommune i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

**2.** Varamedlem vert kalla inn til kvart kommunestyremøte i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

**3.** Marie Kristine Øverås Jensen vert valt som settemedlem i helse-, sosial- og omsorgsutvalet i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026. Nytt settevaramedlem vert Agnieszka Toporska.

**4.** Ninja Tolo Ness vert valt som settevaramedlem i formannskapet i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

**5.** Ninja Tolo Ness vert valt som settevaramedlem i finansutvalet i perioden 20.09.2024 – 20.06.2026.

**Vedlegg i saken:**
Søknad om permisjon frå politiske verv 20.09.2024 - 20.06.2026 - Tove Lill Refvik Volle

# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-033, FA-M5, FE-074
**JournalpostID:** 24/35988
**Sakshandsamar:** Linda Alice Myhre Larsen
**Dato:** 16.07.2024

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 118/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

## Val av nytt medlem til styrande organ i Nordfjord Miljøverk IKS - Kinn kommune

**KOST- 118/24 Vedtak:**
Kinn kommunestyre vel følgjande nytt medlem til representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS: Kjell-Bjørn Refvik

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Kinn kommunestyret vel følgjande nytt medlem til representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS:

________________________________________

---

**Bakgrunn for saka:**
Kinn kommune må velje nytt medlem til representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS då Miriam Nesje vart tidlegare vald inn i representanskapet og no er vald inn i styret i Nordfjord Miljøverk IKS.
Ein ikkje kan velje same person til både representantskapet og styret samtidig.

**Saksopplysningar:**
Representanten Miriam Nesje vart i k-sak 163/23 vald inn som medlem til representantskapet, og i k-sak 042/24 også vald inn som medlem i styret i NoMil.

NoMil skriv i e-post datert 04.07.2024 at på årsmøte i representantskapet i NoMil, vart Miriam Nesje vald som vara til styret i NoMil.
Eit medlem kan ikkje vere i styret og representantskapet samtidig, og NoMil ber difor Kinn kommune om å velje nytt medlem i representantskapet.

**K-sak 042/24: Val av 2 medlemmar til styrande organ i Nordfjord Miljøverk IKS:**
Kinn kommunestyre vel følgjande 2 medlemmar til styret i 2 år i Nordfjord Miljøverk IKS:
Jan Henrik Nygård
Miriam Nesje

**K-sak 163/23: Val av medlemmar til repesentantskapet I Nordfjord Miljøverk IKS:**

| *Medlemmar* | *Vara* |
|---|---|
| Bengt Solheim – Olsen | Sidsel Kongsvik |
| | Kjell Bjørn Refvik |
| Anita Eikevik | Edvard Iversen |
| | Mads Brunsvik |
| Miriam Nesje | Doris Christensen |
| | Gustav Johan Nydal |
| Kent Hammersvik | Lillian Brattholmen |
| | Jon Valur Olafsson |
| Tove Lill Refvik Volle | Bente Olseth |
| | Silje Ødegård Standal |

**Vurderingar:**
Eit medlem kan ikkje vere i representantskapet og styret samtidig og NoMil ber Kinn kommune om å velje nytt medlem til representantskapet.
Kommunestyret må difor velje eit nytt medlem for Miriam Nesje i representantskapet i NoMil.

**Økonomiske konsekvensar**:
Ingen økonomiske konsekvensar.

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

Erstatningsvalg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Kinn kommunestyret vel følgjande nytt medlem til representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS: Kjell-Bjørn Refvik

**Røysting:**
Innstilling frå gruppeleiarutvalet samrøystes vedteke.

**KOST- 118/24 Vedtak:**
Kinn kommunestyre vel følgjande nytt medlem til representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS: Kjell-Bjørn Refvik

**Vedlegg i saken:**
NoMil / Medlemmar i representantskap og styre
2024 NoMil Oversikt styrande organ
Val av 2 medlemmar til styrande organ i Nordfjord Miljøverk IKS
Nordfjord Miljøverk IKS - Val av varamedlemmar til representantskapet og medlemmar til styret
Val av medlemmar til representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS
Nordfjord Miljøverk IKS / Val av medlemmar til representantskapet

# Kinn kommune

**Arkiv:** FA-C84, FA-F82
**JournalpostID:** 24/41253
**Sakshandsamar:** Bodil Gjerde
**Dato:** 09.09.2024

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 119/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

# Kommunal vigselsrett

**KOST- 119/24 Vedtak:**
1. Ola Teigen får mynde til å vere vigslar ved borgarleg vigsel i Kinn kommune, jamfør ekteskapslova §12 b.

2. Oppdatert liste over vigslarar i Kinn kommune frå og med 17.09.2024:

- Ordførar
- Varaordførar
- Linda Larsen
- Kristin Maurstad
- Sissel Leni Sundal Nærø
- Norunn Stavø
- Jacob Nødseth
- Tove Lill Refvik Volle
- Bodil Gjerde
- Morten Andreas Hagen
- Ola Teigen

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
1. Ola Teigen får mynde til å vere vigslar ved borgarleg vigsel i Kinn kommune, jamfør ekteskapslova §12 b. 2.

Oppdatert liste over vigslarar i Kinn kommune frå og med 17.09.2024:

- Ordførar
- Varaordførar
- Linda Larsen
- Kristin Maurstad
- Sissel Leni Sundal Nærø,
- Norunn Stavø,
- Jacob Nødseth
- Tove Lill Refvik Volle
- Bodil Gjerde
- Morten Andreas Hagen
- Ola Teigen

---

**Bakgrunn for saka:**
Grunna endring i tilsettingshøve for tilsette, samt ynskje frå Ola Teigen om å få mynde

som vigslar er det behov for supplering/endring av vigslarar.

Kinn kommunestyre handsama sak om vigslarar i sak 086/24, 13.06.2024, saka vart utsett. Det vart fremma ønskje om at administrasjonen legg fram sak der ein vurderer tal personar med vigselsrett, og vurderer kva funksjonar i kommunen som bør ha ein slik rett.

Kinn kommune har ein god nytteverdi i å ha fleire med vigselsrett, og at det er ei blanding mellom administrasjon og politikarar.

**Saksopplysningar:**
Ansvar for borgarlege vigslar har vore eit kommunalt ansvar sidan 1. januar 2018. Reglane om inngåing av ekteskap følgjer av ekteskapslova kapittel 3. Vigselsmynde er i lova lagt direkte til ordførar og varaordførar. Vedtaket om kven som skal ha vigselsmynde i tillegg til ordførar og varaordførar, kan ikkje gjerast av andre enn kommunestyret.

Sak om vigselsmynde og utnemning av vigslarar vart gjort i sak 46/19 i november 2019,i sak 095/21 i juni 2021 og i sak 135/22 i oktober 2022.

Vigslarar i Kinn kommune er i dag:

- Ordførar
- Varaordførar
- Linda Larsen
- Jeanett Jensen
- Kristin Maurstad
- Sissel Leni Sundal Nærø
- Norunn Stavø
- Margit Kløvfjell
- Jan Henrik Nygård
- Jacob Nødseth
- Tove Lill Refvik Volle
- Edvard Iversen
- Morten Andreas Hagen
- Øyvind Bang-Olsen
- Bodil Gjerde
- Frida Rogne

**Vurderingar:**
Det er opp til kommunestyret å velje om vigslarane skal vere politikarar eller tilsette frå kommuneadministrasjonen. Ordførarar og varaordførar har vigselsrett i tråd med sine verv.

Dei som er føreslått som vigslarar i pkt. 2 i framlegg til vedtak er vurdert mht at dei er tilsett i administrasjonen i Kinn eller er politikarar og dei er fordelt jevnt geografisk.

Kommunedirektøren rår til at kommunestyret gjev tilstrekkeleg tal personar vigselsmynde, slik at desse kan avløyse ordførar/varaordførar ved forfall, eller dersom brudefolket ønskjer andre vigslarar. Det er viktig å gje innbyggjarane i kommunen eit stabilt og fleksibelt tilbod, slik at vigselen kan gjennomførast etter brudefolket sine ønsker. For å unngå hyppige skifter av kven som har vigselsmynde, og eventuell usikkerheit knytt til dette, anbefaler departementet at vigselsmynde vert gjeve for ein

lengre periode, og at det ikkje tildelast vigselsmynde for einskildhøve. Det er ikkje påkrevd nokon særleg fagkompetanse for å vere vigslar, men det er vesentleg at dei utnemnde personane kan ivareta vigselen sin seremonielle karakter.

Det går fram av lova sine forarbeid (prop. 91 L (2016-2017)), at vigselsmynde er gjeve til personar, og ikkje rettsubjekt. Vigselsretten opphøyrer dersom vedkomande ikkje lenger er folkevalgt eller tilsett i kommunen. Vigselsretten vil også opphøyre dersom kommunestyret trekker tilbake tildelinga.

**Aktuelle lover, forskrifter og kjelder**:
Lov om ekteskap (ekteskapsloven) - https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1991-07-04-47
Forskrift om kommunale vigsler - https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-09-18-1421?q=vigsler
Vedtak om borgerlig vigselsformular - https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-01-19-4263?q=vigselsformular
Rundskriv om kommunale vigsler (Q-11/2017) - https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-q-11-2017-om-kommunale-vigsler/id2572038/
Prop. 91 L (2016-2017) – Endringer i ekteskapsloven m.v. - https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-91-l-20162017/id2547555/

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

Venstre, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre
Edvard Iversen skal fortsatt stå på lista over vigslarar i Kinn kommune.

FrP v/repr. Djuvik ber om ein begrunnelse på kvifor kvar enkelt er satt opp som vigslarar, til neste gang sak om kommunal vigselsrett skal opp i kommunestyret.

**Røysting:**
Framlegg frå Venstre v/repr. Eliasson falt med 7 røyster frå Raudt og Venstre.
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

**KOST- 119/24 Vedtak:**
1. Ola Teigen får mynde til å vere vigslar ved borgarleg vigsel i Kinn kommune, jamfør ekteskapslova §12 b.

2. Oppdatert liste over vigslarar i Kinn kommune frå og med 17.09.2024:

- Ordførar
- Varaordførar
- Linda Larsen
- Kristin Maurstad
- Sissel Leni Sundal Nærø
- Norunn Stavø
- Jacob Nødseth
- Tove Lill Refvik Volle
- Bodil Gjerde
- Morten Andreas Hagen
- Ola Teigen

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FA-A4 |
| **JournalpostID:** | 24/41417 |
| **Sakshandsamar:** | Bengt Solheim-Olsen |
| **Dato:** | 10.09.2024 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 120/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

## Orienteringssak - Tilbodsstruktur for vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune

**KOST- 120/24 Vedtak:**
Ingen vedtak.

**Ordførar sitt framlegg til vedtak:**
Til eventuell drøfting.

---

**Bakgrunn for saka:**
Gjeld tilbodsstruktur for vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune.
Til eventuell drøfting i kommunestyret 17.09.2024.

**Saksopplysningar:**
Gjeld tilbodsstruktur for vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune.
Til eventuell drøfting i kommunestyret 17.09.2024.

Lenke til saksutredning til møte i hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune:

https://prod01.elementscloud.no/publikum/821311632_PROD-821311632/DmbMeeting/532

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

Venstre v/repr. Nødseth ønskjer ei oppsummering på korleis prosessen i dette arbeidet har vore og kva kommunar som har vore med.
Ordførar opplever at alle har jobba med respekt for kvarandre, nokon har vore med på opprop, andre ikkje.

**Røysting:**
Ingen røysting.

**KOST- 120/24 Vedtak:**

Ingen vedtak.

**Vedlegg i saken:**
Tilbodsstruktur for vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune
Tilbodsstruktur for vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune
Høyringsforslag til heilskapleg tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune
Utkast til høyringsuttale - skuletilbodet i Vestland
Innspel til politisk handsaming av tilbodsstruktur frå kommunane Kinn, Stryn, Bremanger og Gloppen
03.9.2024 Innspel til politisk handsaming av tilbodsstruktur-Kinn_Stryn_Bremanger_Gloppen

# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-033
**JournalpostID:** 24/41535
**Sakshandsamar:** Mari Halsør
**Dato:** 10.09.2024

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 121/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

# Spørsmål

**KOST- 121/24 Vedtak:**

---

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

**Spørsmål v/ <parti/representant>**

**Svar frå ordførar:**

**KOST- 121/24 Vedtak:**

**Underliggande sak:**
006/24, Spørsmål til kommunestyret i september 2024 - prinsipper for omklassifisering av veg
Ingen vedtak.

007/24, Spørsmål til kommunestyre - arbeid med ny arealplan held fram
Ingen vedtak.

008/24, Spørsmål til kommunestyremøte 17.09.2024 - kvalitet i skulen vår
Ingen vedtak.

# Kinn kommune

**Arkiv:** TI-&29
**JournalpostID:** 24/41407
**Sakshandsamar:** Bengt Solheim-Olsen
**Dato:** 10.09.2024

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 006/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

# Spørsmål til kommunestyret i september 2024 - prinsipper for omklassifisering av veg

**KOST- 006/24 Vedtak:**
Ingen vedtak.

---

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

**Spørsmål frå Venstre v/repr. Nødseth - "prinsipper for omklassifisering av veg"**
Bakgrunn:

Firdaposten hadde sak den 8. august 2024 med overskrifta «– Kriteria for vegkutt vart utarbeidde under leiing av Teigen (Ap) og Nødseth (V)».
I saka er ordførar Bengt Solheim-Olsen (H) sitert slik, i tillegg til sitatet i overskrifta som kjem frå han: «Kriteria for avhending av kommunale vegar vart utarbeidd i førre kommunestyreperiode. Vi har i praksis stoppa heile forslaget.»

Firdaposten skriv at ordføraren «argumenterer med at dei i vedtaket i det nye kommunestyret hausten 2023 fekk lagt inn i vedtaket at saka skulle ut på høyring og at dei praktiske og økonomiske konsekvensane skal utgreiast av administrasjonen før det blir gjort noko innsparingsvedtak.» Vidare er ordføraren sitert slik:
«Det gjorde vi fordi vi såg at konsekvensane av å sette i verk desse kriteria ville bli svært omfattande. Desse kriteria vart vedtekne i den tida Ola Teigen (Ap) var ordførar og Jacob Nødseth (V) leiar for planutvalet.»
Til denne kommentaren spør avisa: «Kritieria blei vel utarbeidde av samferdsleutvalet leia av Vidar Grønnevik (H)?» Til dette svarar ordføraren: «Eg forstår at du er ute etter å henge bjølla på ein Høgre-politikar i denne saka. Kriteria vart til slutt vedtekne samrøystes for utlegging til høyring av kommunestyret.»
Om Jan Arve Midtbø (Sp) sine uttalar i ei tidlegare sak om same tema svarar ordføraren i same sak: «Jan Arve Midtbø (Sp) har også vore med på å vedta dette. Det at han påstår at han ikkje kjende til det, er vel typisk for han som politikar, understrekar han.»

Spørsmål:

Måten ordførar formulerer seg på her gjer det nødvendig å stille følgjande spørsmål til ordførar:

1) Når var sak om prinsipp for omklassifisering av veg til handsaming i planutvalet i førre periode?

2) På kva måte har underteikna hatt ansvar for «leiing» for utarbeiding av desse kriteria?

3) Når ordførar seier at «Kriteria for avhending av kommunale vegar vart utarbeidd i førre kommunestyreperiode. Vi har i praksis stoppa heile forslaget», så er det nærliggande å forstå ordføraren slik at hans parti Høgre ikkje hadde noko med denne saka å gjere i førre valperiode. Dette gjer det nødvendig å stille følgjande spørsmål til ordføraren:
a. Kor mange møtte frå Høgre i kommunestyret den 22. september 2022 då saka var til handsaming i kommunestyret, og kva røysta desse representantane?
b. Kva parti representerte leiaren i samferdsleutvalet, utvalet som samrøystes sendte sak om desse prinsippa vidare til kommunestyret?

4) Når ordførar seier til avisa at «Eg forstår at du er ute etter å henge bjølla på ein Høgre-politikar i denne saka», og ordføraren i same sak påstår at det er Teigen (Ap) og underteikna frå Venstre som har leia arbeidet med dette, så blir det naturlege spørsmålet:
a. Prøver ordføraren med sine uttaler å henge bjølla på ein politikar frå Ap og ein politikar frå Venstre?
b. Ordføraren meiner tydelegvis at det er avgjerande kven som har leia utvalet som handsama saka i førsteinstans – som altså er samferdsleutvalet – og ikkje planutvalet. Burde ikkje då sitatet i overskrifta heller vere: «-Kriteria for vegkutt vart utarbeidd under leiing av Grønnevik (H)»?

5) Når ordførar seier at det er «typisk for han som politikar» når Midtbø røystar for framlegget i kommunestyret, og så kan oppfattast å seinare distansere seg og eige parti frå saka, korleis tenker ordførar at han blir oppfatta med sin måte å kommentere saka på?

**Svar frå ordførar:**

Ordførar er overraska over at repr. Nødseth stiller ei lang rekke spørsmål basert på eit presseoppslag.
Samtala med lokalavisa var basert på eit ønske om å få fram at det var tverrpolitisk enighet i forrige kommunestyre og dei hadde satt ned nokre kriteriar for privatisering av veg. Og gjennom ei rekke presseoppslag i den perioden framsto det som utydeleg at det var det som var vedteke, og mykje kunne tyde å at det var noko administrasjonen hadde funne på sjølv. Så kan ikkje ordførar stå til ansvar for kva som kom i avisa, men det var det som var utgangspunktet for inititivet med å snakke med lokalavisa.

**KOST- 006/24 Vedtak:**
Ingen vedtak.

**Vedlegg i saken:**
Følgjeskriv
Bilde

# Kinn kommune

**Arkiv:** TI-&29
**JournalpostID:** 24/41760
**Sakshandsamar:** Bengt Solheim-Olsen
**Dato:** 11.09.2024

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 007/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

# Spørsmål til kommunestyre - arbeid med ny arealplan held fram

**KOST- 007/24 Vedtak:**
Ingen vedtak.

---

---

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

**Spørsmål frå Venstre v/repr. Nødseth - "Arbeid med ny arealplan held fram"**

Med overskrifta "Arbeid med ny arealplan held fram" så meldte Kinn kommune på sine nettsider den 8. juli 2024 at "Det vert arbeidd mot at endra planforslag kan leggast ut på 2. gong offentleg høyring i løpet av våren 2025."

Kvifor tek dette så vesentleg mykje lengre tid enn planlagt? Og når reknar ein med at planen vil vere vedteke?

**Svar frå ordførar:**
Vi skulle alle ynskt at vi hadde vedteke arealdelen. Samtidig med at vi arbeider med arealdelen, handsamar vi viktige reguleringsplanar for utvikling av kommunen vår. Dette betyr at dei planane som har vore mest kritisk, har fått si handsaming.

Det førre plan- og miljøutvalet vedtok at planen skulle ut på høyring sommaren 2023. Noko som blei gjennomført. Ein av konsekvensane av denne prioriteringa var at ein del reguleringsplanar måtte vente. I ettertid av utlegginga av arealdelen har vi måtte jobbe med dei planane som vart sett på vent, pga. arealdelen. Dette illustrerer vår utfordring med å både drive eit tungt utviklingsarbeid, som dette er, og samtidig handtere dei planane som løpande kjem inn. Det siste året har det vore ein del sjukmeldingar og permisjonar hjå våre fagfolk.

Etter høyringa hausten 2023 har vi fått inn om lag 500 innspel. I forkant av desse innspela vart det gjennomført informasjonsmøter og ei rekke 1-1 møte med einskildpersonar/aktørar. Alt dette skal handsamast og følgjast opp på ein skikkeleg måte. Mellom anna gjennomfører vi vi no dialogmøte med dei statsetatane som har

motsegnsmynde til planen. Det er avgjerande at denne dialogen blir gjennomført på ein slik måte at vi slepp motsegn i neste høyringsrunde.

Tabellen nedst i svaret, viser at det no blir lagt opp til å sende planen ut på 2. gongs høyring vinteren 25. Dersom vi no gjennomfører ein skikkeleg prosess, blir det forhåpentlegvis den siste høyringsrunden, og at vi kan få planen ferdig i løpet av 2025. Alternativet er enda ein høyringsrunde og da vil det enda meir tid. Plan- og miljøutvalet fekk presentert denne framdriftsplanen i møte 3. september. Administrasjonen vil halde plan- og miljøutvalet løpande orientert om arbeidet.

Den framdriftsplanen som det no blir arbeid etter, vil krevje at våre fagfolk prioriterer arealdelen. Men vi kan ikkje la vere å handsama reguleringsplanar samtidig. Vi har eit godt samarbeid med dei større aktørane som skal ha på plass planverk for utvikling av eigen verksemd. I praksis blir det gjennomført parallelle prosessar, slik at dei private arbeider parallelt med sine reguleringsplanar. Noko som betyr at dei kan få vedteke sine planar, rett etter at arealdelen er vedteke. Dette er gode samarbeid som gjer vinn – vinn situasjonar.

Kommunestyret sette av 1 mill. ekstra til planarbeidet i 2023. Det kom godt med. I den framdriftsplanen som no er lagt fram er det teke høgde for prioritering av eigne ressursar, og ein god del konsulentkjøp. Det er vurdert å kjøpe fleire tenester. Uansett er det ein balansegang mellom å nytte eigne krefter og kjøp av tenester. Ved mykje kjøp vil det krevje mykje oppfølging av konsulentar, og vi mister ein del eigarskap til planen. På den andre sida, må vi kjøpe ein del tenester for å i det heile kome i mål.




**KOST- 007/24 Vedtak:**
Ingen vedtak.

**Vedlegg i saken:**
metadata_Interpellasjon og spørsmål

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | TI-&29 |
| **JournalpostID:** | 24/41730 |
| **Sakshandsamar:** | Bengt Solheim-Olsen |
| **Dato:** | 11.09.2024 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 008/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

# Spørsmål til kommunestyremøte 17.09.2024 - kvalitet i skulen vår

**KOST- 008/24 Vedtak:**
Ingen vedtak.

## Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

### Spørsmål frå AP v/repr. Christensen - Kvalitet i skulen vår

Vi trenger å snakke om kvalitet i skolen vår. Det ble 30.mars 2022 vedtatt å gjennomføre forvaltningsrevisjon av arbeidsmiljø i skolen der fokus var elevers voldsbruk mot ansatte i skolen og bruk av avviksrapportering. Kontrollutvalget sitt arbeid ble avslutta 23.mai 2023 og sendte sitt forslag til vedtak over til kommunestyre som behandla dette 12.juni. Sak 70/23.

Statsforvalteren i Vestland åpna tilsyn med en av skolene våre i september ‘23. Tema for tilsyn var "Kommunens arbeid for å sikre trygt og godt skulemiljø.".
Det ble funne 8 avvik på varslingsplikta og undersøkingsplikta. Kommuna hadde altså ikke system / kunnskap om systemarbeid / kunnskap om vilkår i lovverk, som var tilstrekkelig. Tidlig i juni 2024 ble avvik lukka og Statsforvalteren avslutta tilsynet. Det betyr at kommunen har gjort endringer som tilfredsstilte Statsforvalter sine forventninger.

Sammenhenger mellom elever som ikke opplever å ha det bra, og ansatte på skolen som opplever krevende situasjoner med utagering, slag og spark, er mange. Vi leser rapporten fra mobbeombudet og statistikk fra Udir - og finner det ikke vanskelig å vite hvilke elever som er i risiko for å utøve vold. Det er elever som av forskjellige grunner opplever utenforskap og at skolen / relasjoner i skolen oppleves krevende. Vi vet at til yngre barn er, til vanligere er det at de tyr til armer og bein på uønska måter.

Kvalitetsmeldinga for grunnskolen i Kinn 2023-2024 beskriver forvaltningsrevisjonen og vedtak 70/23. Her er tiltak i flere punkt som krever oppfølging politisk. Siste punkt i kommunestyrevedtaket er som følger:
Kommunestyret føreset vidare at oppvekst- og kulturutvalet, arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet vert halde løpande orientert om sider ved saka som er relevant for desse utvala.

Fra juni 2023 til d.d. har det vært avholdt 3 møter i Administrasjonsutvalget. Adskillig flere møter i Oppvekst og kulturutvalget. Bortsett fra at tilsynsrapporten fra Statsforvalter var oppe som referatsak i OK-utvalget 19.mars i år, så er det, i Administrasjonsutvalget, ingen spor av oppfølging av sak i sammenheng med forvaltningsrevisjonen.

30.mai '23 legger kommunalsjef for oppvekst fram ønske om å presentere prosjektrapport fra forvaltningsrevisjonen. Neste møte i OK-utv er 20.10 - saka er ikke på dagsorden. 14.11 økonomi og bygg-prosjekt er i fokus, ingenting om forvaltningsrevisjon, 21.11 ingenting, 6.12 ingenting, 23.01.24, 27.02 ingenting, 5.03 ingenting, 19.03 Tilsynsrapport "...sikre trygt og godt skolemiljø" som referatsak, 28.05 ingenting, 5.06 ingenting om presentasjon prosjektrapport etter forvaltningsrevisjon. Uten oppfølging som innebærer saklig dialog mellom administrasjon, politikk og arbeidstakerorganisasjonene – har vi svak styring og ingen påvirkning.

Vi etterlyser arbeid for kvalitetsutvikling. Det er helt umulig uten at dialog eksisterer gjennom saker som ligger på bordet. Nå oppleves det som at saker er skjøvet bort, nedprioritert og at politisk ledelse er lite interessert i utvikling av våre tjenester til beste for innbyggere, elever og lærere. Politiske fora er der for å brukes og politiske vedtak forplikter. Tillitt til politikk og forvaltning trenger at samarbeid er godt og at samarbeid skjer åpent i de rette fora.

Ordfører:
- Når det settes punktum for interpellasjonen tirsdag 11.09 kl07.55, er det ikke kommet innkalling og sakliste til ADMU som iflg møteplanen skal avholdes 16.09.
- Er det tilfredstillende at varaordfører og utvalgsleder har gjennomført 3 møter i ADMU og at oppfølging av denne saka aldri har vært satt opp?
- Er det tilfredstillende at kvalitet i oppvekssektoren ikke har tydeligere fokus i utvalget og kommunikasjon mellom politikk og administrasjon?
- Hvordan vil ordfører arbeide framover for å sikre at kommunestyrevedtak følges opp?

**Svar frå ordførar:**

1. Saker til møtet i ADMU 16.09.24 vart sendt ut torsdag 12. september, etter fristen for utsending av saker. Dette har samanheng med ferdigstilling av ei sak. Det er å beklage at det ikkje vart sendt ut informasjon om at innkallinga til møtet ville bli forsinka.

2. Oppvekstsektoren har arbeidd, og arbeider med oppfølging av kommunestyrevedtak knytt til arbeidsmiljøet i oppvekstsektoren, og med tilsyn frå Statsforvaltaren i Vestland om internkontroll og trygt og godt skulemiljø. Det har vore ei intensiv arbeidsperiode hausten 2023 og våren 2024 med desse tema, som forøvrig inngår i årshjulet for kvalitetsarbeid i oppvekstsektoren. Gjennom tilsyn vert det ekstra fokus og muligheit til å forbetre både regelverkskompetansen, og prosedyre og rutiner for gjennomføring av førebygging og oppfølging av aktuelle tema.

Vi har hatt ei utfordring med at stillinga som personalsjef har vore vakant, og det har derfor ikkje har vore møter i ADMU sidan 6. februar 2024. Resultat av oppvekstsektoren sitt arbeid for å følgje opp det aktuelle kommunestyrevedtaket har derfor hovudsakleg vore orientert om og stått på sakslista til Oppvekst- og kulturutvalet. I tillegg er vedtakssaker også lagt fram til handsaming i Kinn kommunestyre.
ADMU fekk orientering om arbeidet i møte 16. september, og er nå oppdatert på status

og framdrift.

3. Ordføraren er ikkje einig i at kvalitet i oppvekstsektoren ikkje har tydeleg nok fokus i ADMU. Med personalsjef i stillinga som administrasjonen sin aktør i ADMU vil kommunikasjonen mellom politikk og administrasjon bli betre sikra framover.

4. Aktuelle saker til utvala, råd, formannskap og kommunestyre vert gjennomgått på HUL-møte, der dei aktuelle leiarane deltek saman med kommuneadministrasjonen. Her sikrar vi at saker vert sett på dagsorden. Også oppfølging av politiske vedtak. Ordføraren er kjent med at oppvekstsektoren har arbeidd, og arbeider med oppfølging av kommunestyrevedtak knytt til arbeidsmiljøet i oppvekstsektoren, og med tilsyn frå Statsforvaltaren i Vestland om internkontroll og trygt og godt skulemiljø. Det har vore jobba intensivt med dette gjennom hausten og vinteren, og ordførar samarbeidar gjerne med repr. Christensen om dette framover.

**KOST- 008/24 Vedtak:**
Ingen vedtak.

**Vedlegg i saken:**
Følgeskriv

# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-033
**JournalpostID:** 24/41536
**Sakshandsamar:** Mari Halsør
**Dato:** 10.09.2024

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 122/24 | Kommunestyret | 17.09.2024 |

## Interpellasjonar

**KOST- 122/24 Vedtak:**
Ingen vedtak.

---

---

### Behandling i Kommunestyret 17.09.2024:

Ingen interpellasjonar.

**KOST- 122/24 Vedtak:**
Ingen vedtak.